



Bømlo filial/Hillestveit skulebibliotek fekk i 2016 heilt nytt interiør og framstår som ein attraktiv møtestad for bygda sine innbyggjarar. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

ÅRSMELDING 2016

BØMLO KOMMUNE
Rådhuset, Leirdalen 1
5430 Bremnes
Tlf.: 53 42 30 00
Faks: 53 42 30 01
Epost: postmottak@bomlo.kommune.no
Handsama i formannskapet: 07.06.2017
Vedteke av kommunestyret: 19.06.2017

Sak: PS 58/17

INNHALD

INNHALD.....	2
POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGONGEN AV 2016	3
RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR	4
TEMASIDER.....	5
ORGANISASJON 2016	10
ARBEIDSGJEVARFUNKSJONEN OG KOMMUNAL PERSONALPOLITIKK	10
ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT	19
NØKKELTAL.....	26
PREMIEAVVIK/TILLEGGSØYVING/UFORDELTE POSTAR	34
FOLKEHELSE – «HELSEFREMJANDE LOKALSAMFUNN»	35
SENTRALE STYRINGSORGAN.....	36
INNLEIING.....	36
ØKONOMISK RESULTAT 2016	36
POLITISKE STYRINGSORGAN	37
RÅDMANN.....	37
BEREDSKAP	39
ØKONOMI.....	40
PERSONAL	41
FORVALTNING	41
NÆRING	41
FELLESSEKRETARIAT OG KUNDETORG	42
OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT	43
ØKONOMISK RESULTAT 2016.....	44
DEI FØRSTE ÅRA.....	45
GRUNNSKULE	46
BØMLO VAKSENOPPLÆRING – BVO.....	47
INTEGRERINGSMIDLAR.....	48
ASYLMIDLAR	48
BØMLO KULTURSKULE.....	48
BIBLIOTEK	50
BARNE- OG FAMILIETENESTA	51
BARNEVERN.....	51
HELSE, SOSIAL OG OMSORG.....	52
INNLEIING.....	52
TENESTEKONTORET.....	56
INSTITUSJON-/DAGTILBOD:.....	56
PSYKISK HELSE	57
HELSETENESTA	58
NAV	58
TEKNISK AVDELING.....	59
INNLEIING.....	59
ØKONOMISK RESULTAT 2016	59
ANSVAR SOMRÅDA UNDER TEKNISK AVDELING.....	59
BEREDSKAP	62
FØREBYGGJANDE	62
KYRKJELEGE FØREMÅL	64

POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING VED UTGONGEN AV 2016



Ordfører Odd Harald Hovland, Ap

POLITISK		
Odd Harald Hovland	(Ap)	Ordfører
Morten Helland	(KrF)	Varaordfører
Ragnhild Ravna Skjærvik	(Ap)	Leiar utval for oppvekst, kultur og idrett
John Magne Søvold	(Uavh.)	Leiar utval for areal og samferdsel
Hans Otto Robberstad	(Ap)	Leiar utval for helse og omsorg
Annbjørg Legland		Leiar Bømlo eldreråd
Birgit Sønstabø Esperø	(KrF)	Leiar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
ADMINISTRATIV		
Geir E. Aga		Rådmann
Kjell Magnar Mellesdal		Kommunalsjef helse, sosial og omsorg
Bjørn Håvard Bjørklund		Kommunalsjef oppvekst, idrett og kultur
Aud Gunn Løklingholm		Organisasjonssjef/assisterande rådmann
Jarle Nakken		Økonomisjef
Toralf Meling		Teknisk sjef
Simon Knutsson Sortland		Informasjonssjef
Revisjon		Deloitte AS

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Resultatet for 2016 gir kommunen auka handlingsrom. Dette er heilt nødvendig med dei utfordringane kommunen har framfor seg. Det er gledeleg at me i eit år med høge investeringar ikkje nytta eigedomsskatt til drift. Netto driftsresultat utgjorde 34 mill. medan eigedomsskatten utgjorde ca 30 mill.

Dette har me fått til sjølv om dei sentrale rammevilkåra våre er svekka. Det er først og fremst endring av inntektskriteria som gir negativ uttelling. Det vil derfor også framover vere stor trong for å sjå på strukturelle grep som kan sikre eit lågare kostnadsnivå og tilsvarande gi kommunen eit auka handlingsrom.



Rådmann Geir E. Aga

Rådmannen er spesielt godt nøgd med at me har god budsjettstyring i verksemdene. Det er overskriddingar, men dei fleste av desse har ei forklaring som verksemda ikkje rår over, t.d. sterk auke i kostnader med flyktningar. Det er også mange verksemdar som har mindreforbruk og likevel har levert tenester i samsvar med budsjettføresetnadene.

Vi er inne i ein periode med høge investeringar. Dette aukar lånegjelda vår. Gjeldsveksten er langt høgare enn det vi nedbetalar på lån. Lågt rentenivå og høg del av fastrentelån er likevel eit godt bidrag til å halde kapitalkostnadene nede og avgrensa framtidig risiko for sterk renteauke. Signal dei næraste åra tilseier lågt rentenivå og slik sett ville flytande rente gitt ein liten gevinst. Rådmannen står fast på at kommunen sin finansielle situasjon tilseier at me er forsiktig når det gjeld å eksponere oss for renteauke.

Store delar av næringslivet vårt går no gjennom store omstillingar og har krevjande tider. Me ser likevel store føremoner med at kommunen har eit variert næringsliv og at t.d. fiskeri og sjømatproduksjon går bra. Det er gledeleg at me etter kvart har fått resultat av arbeidet vårt både med vidareutvikling av industriområdet i Rubbestadneset og arbeidet med å realisere ei fiskerihamn i Hovlandshagen.

Bømlo leverer gode tenester til sine innbyggjarar. Målet er at me framover i endå større grad enn i dag har fokus på førebygging. Me er i ferd med å få god og fast dialog med grendalag som me ser aukar engasjementet til innbyggjarane. Dette blir ein viktig møteplass/arena for å vidareutvikle kommunen.

Me registrerer stort engasjement når kommunen har ute ulike planar, no sist kommunedelplanen for helse og omsorg. Me arbeider også med å legge til rette for ulike møteplassar, og legg til rette for at ulike organisasjonar kan nytte møteplassar kommunen rår over. Det kan vere bygg, kaiar og liknande.

Kommunen har dyktige og kvalitetsbevisste medarbeidarar. Det er viktig for rådmannen at me legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Her er det gjort mykje i 2016 og dette arbeidet vil bli vidareført. Kommunen som arbeidsgjevar har eit spesielt ansvar for det psykososiale arbeidsmiljøet. Eg opplever likevel at det er ei klar erkjenning ute i verksemdene at me alle har eit ansvar for arbeidsmiljøet, både gjennom måten me dagleg møter våre kollegaer og måten me løysar utfordringar som alltid vil dukke opp.

Rådmannen vil takke for godt samarbeid med rådmannen sine føresette - kommunestyret - og takke alle tilsette for innsatsen i 2016.

Bømlo kommune
Geir E. Aga
Rådmann

TEMASIDER

SAMLING FOR BETRE SAMARBEID

Bømlo Helsehus vil skapa eit breitt kompetansemiljø og styrka samhandlinga på tvers av dei ulike tenestene sidan mange er fysisk samla i same bygg. Tenestene blir og lettare tilgjengeleg for brukarane enn før samlokaliseringa.

*Kjøkenkroken i Bømlo Helsehus er ein god møtestad både sosialt og fagleg.
(Foto: Simon K. Sortland)*

-Eg trur me her vil skapa eit breitt og spennande kompetansemiljø og ei meir effektiv drift sidan dei ulike profesjonane er samla på same plassen, seier rådgjevar Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm.

Ho peikar på at Trivselshuset og Rus og psykisk helse er eller kjem i nabobygga, medan Aktivitetstunet berre er ein liten spasertur unna.

Saumlaus samhandling

I Bømlo Helsehus (BHH) finn du no Tenestekontoret, Bremnes legesenter, Bømlo heimetenester, ergo- og fysioterapitenesta, hjelpemiddellageret samt institusjonsplassane i Bømlo bu og helsesenter.

-Dette er ei ynskt omorganisering og dei tilsette i verksemdene har bidrege aktivt og kreativt for at me skulle få dei beste løysingane, skryt kommunalsjef for helse, sosial og omsorg Kjell Magnar Mellesdal.

Han peikar på at saman med nybygginga av den gamle sjukeheimen med to nye blokker så har me fått 59 nye rom, samt oppussinga av den gamle fløyen med 26 rom. Saman med ein auke frå fem til seks legekontor har ein her samla sett fått ei god utnytting av lokala.

Sosialt midtpunkt

Oppgraderinga av heile huset og ikkje minst kantina har skapt eig godt miljø i Bømlo helsehus. Kantina har mellom anna salatbar og vert nytta flittig.



-Her kan du slå av ein drøs med kollegaer frå andre tenester, og det er eit samlingspunkt for ulike aktivitetar. Eit slikt møtepunkt er viktig når folk skal velje val av arbeidsplass, meiner Mellesdal.

Det har vore ein omfattande prosess å få alt på plass, og innflyttinga skjedde gradvis i årskiftet 2016/2017. Sjølv om det er mykje logistikk, er alt no lagt til rette for vidare utvikling og ein meir effektiv og saumlaus samhandling mellom tenestene og profesjonane.

-Me er jo kjempenøgde med å jobba her i nye lokale, seier avdelingsleiar Elin Akse Vik i Bømlo heimetenester.



*Nytt og tiltalende på Bremnes legesenter.
(Foto: Simon K. Sortland)*



Ferjebrannen i Rubbestadneset var på riksdekkende nyhende og vart også evaluert av Scandinavian Star-kommisjonen. (Foto: Ove Halleraker)

ALLTID KLAR TIL INNSATS

Ferjebrannen i Rubbestadneset og brannstilløpet på Bømlo bu- og helsesenter sette både brann- og beredskapsavdelinga og den kommunale beredskaps-organisasjonen på prøve i 2016.

Tala for helseoppdrag, naturhendingar samt andre oppdrag viser tydeleg at brannvernet sine oppdrag er endra til i stor grad å handla om redning like mykje som brann, sjølv om brannar er dei mest ressurskrevjande.

Nytt naudnett og sterkt auka fokus på HMS, kompetanse og utdanning set nye krav til brann- og feiingstenesta vår som no tel 44 menneskap.

– Me må heile tida trenast og kursa alle menneskapa våre då me får stadig fleire livreddande oppdrag gjennom «mens du ventar på ambulansen» og deltakinga i politisamarbeidet PLIVO (pågåande livstrugande vald). Dei skal ha ein trygg og god arbeidsplass, noko som set store krav til HMS og utstyr, fortel konstituert brannsjef Ove Halleraker.

Gjennom Gjensidigestiftelsen sitt «Det store brannløftet» fekk Bømlo brannvern 12 nye sett med røykdykkardrakter og overflate-redningsutstyr verdt fleire hundretusen kroner. Det vart også kjøpt inn 10 nye hjelmar.



Kurs i «medan me ventar på ambulansen». (Foto: Bjørn Kjetil Ljosdal)

Ny forskrift for brannførebygging

Ei ny forskrift for brannførebygging gjorde at Bømlo feiarteneste som eit HMS-tiltak investerte i eit nytt køyrety for feiarane, men den er også ein beredskapsbil. Her er rein og skitten sone, slik at feiarane kan vaska seg etter kvart oppdrag.

– No kan me gjere feiing og tilsyn samstundes samt gjere ei risikokartlegging. Feiarane treng ikkje alltid gå på taket, då me no testar ut ein pilot der me fresar pipene frå luka. Dette er også eit godt HMS-tiltak som forbetrar arbeidsmiljøet til feiaren monaleg, seier branninspektør Bjørn Kjetil Ljosdal.

– Me ser fram til å få ny brannstasjon, for menneskapa våre har kummerlege tilhøve i dag, meiner Halleraker.



Ein god del av deltakarar og stab ved Bømlo Vaksenopplæring utanfor sine nye lokaler. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

BREIDDE OG TRIVSEL PÅ BØMLO VAKSENOPPLÆRING

- Å synleggjera kva medbrakt kompetanse deltakarane har frå sine heimland og breidden i tilbodet ved Bømlo vaksenopplæring er viktig for oss, seier rektor Kari Friis Sortland.

Kommunestyret sitt vedtak om å auka talet på busetjing av flyktningar gjorde at Bømlo vaksenopplæring gjekk frå 40 til 74 deltakarar i Introduksjonsprogrammet ved årsslutt 2016. Det betyr fulltids skule og arbeidspraksis 37,5 timar i veka gjennom heile kalenderåret.

I løpet av eitt år gir Bømlo vaksenopplæring (BVO) tilbod til mellom 300 og 400 deltakarar, og har til ei kvar tid 160-170 deltakarar i sving. Det er fire årlege inntak. Rektor har 14,4 årsverk fordelt på 16 personar til å gjere denne jobben.

Nye og tidsrette lokale

I oktober 2016 flytta administrasjonen og storparten av deltakarane over i nyoppussa lokale i Jernia-bygget. Men dei nyttar framleis OJS-bygget med to klasserom, eit

grupperom, tre kontor og arbeidsplassar for dei tilsette.

-Me er stornøgde med våre nye flotte og tidsrette lokale for undervisning, strålar rektor Sortland. God ventilasjon, store klasserom med smartboard, større kjøken, resepsjon, kontor og pauserom for dei tilsette. Skiltinga er også blitt veldig god no, slik at folk finn fram og me vert meir synlege.

BVO er eit utadretta senter og samarbeidar breitt med lokale lag og organisasjonar som Bømlo Røde kors, frivilligsentralen, turlaget, folkehøgskulen, biblioteket og det lokale næringslivet. Av årlege arrangement kan nemnast Matfestivalen, Tur for alle, FN-dagen og Fredsfestivalen.

Kortfilmprosjektet «Prøv oss» er støtta av IMDI for å synleggjera deltakarane sin medbrakte kompetanse som dei kan nytta i jobb og fritid i Bømlo kommune. Prosjektet «Hjartevarme Bømlo» og «Ein veg inn i lokalsamfunnet» er viktige.

INTERNASJONALT PÅ ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga har 12 medarbeidarar frå fem nasjonar. – Me har da kjekt her, kjem det på kav bømlamål frå armenske Hasmik Vardanyan.

Ein munter og internasjonal gjeng på kommunen sin økonomiavdeling. Bak f.v: Lorraine Grønås, Morten Tvedterås, Tove Gjøvåg, Karl Olav Fylkesnes, Jarle Nakken, Alice Torkelsen, Ilya Serov, Jorunn Wilhelmsen. Framme t.v Hasmik Vardanyan og Rong Fang Kou.
(Foto: Simon K. Sortland)



Tolv personar skal sørge for at alle tilsette i kommunen får rett løn til rett tid, at betalingsflyten inn og ut av kommunen alltid er på stell, og at våre innkjøp skjer i tråd med lovverket. I tillegg til føring av kommunen sitt rekneskap, budsjett- og økonomistyring.

Høg kompetanse

Økonomisjef Jarle Nakken er øvste sjef for ein høgst kompetent gjeng innan skatteoppkreving, kommuneøkonomi, innkjøp og lønnsarbeid.

Dei siste fire åra har også snittalderen ved avdelinga gått monaleg ned. Den yngste er 27 år og den eldste 66.

Styrke for miljøet

- Me har ein fin miks av folk her no, med høg og variert kompetanse. Det er ein styrke for miljøet at folk har ulike kulturbakgrunn, og me har ingen språkproblem å snakka om.

Dei 12 tilsette er fordelt med ein økonomisjef, 3 på løn, 4 på rekneskap, 2 på skatt, ein kontrollør og ein rådgjevar på innkjøp og e-handel.

Siste tilskot er russisktattede Ilya Serov. Serov har halv stilling i det interkommunale e-handelssamarbeidet der 20 kommunar i Sunnhordland, på Haugalandet og i Hardanger deltek. Han er også ansvarleg for å køyra Bømlo kommune sine anbudsprosessar.

- For tida har me to ute i morspermisjon, og begge dei kjem frå Tyskland. Elles er Armenia og Kina representert. Dette gjer oss til ei litt meir spennande gruppe enn om det berre skulle vore bømlingar, mostingar og stordabuarar, meiner økonomisjefen.

Økonomisjefen beordrar oss ut til å høyre med dei tilsette om korleis miljøet er, og me får stadfesta at på økonomiavdelinga har dei det bra.

VEDLIKEHALD OG SERVICE



Saman med BVA sørga teknisk drift for totalrenovert vatn- og kloakksystem ved Foldrøy skule. I same prosjekt fekk dei nytt uteamfi. (Foto: Vardan Vardanyan / Simon K. Sortland)

- Vårt mål er å vere ei servicebedrift. Gode tilbakemeldingar vitnar om at me langt på veg når det målet, seier arbeidsleiar for bygningsvedlikehald ved teknisk drift Jens Helge Habbestad.

Dei seinare åra har leiar Vardan Vardanyan ved teknisk drift styrka staben med høgt kvalifisert arbeidskraft i begge avdelingane - grønt og samferdsle og vedlikehald bygg. Dei er no høvesvis 11 på bygg og 7 på grønt og samferdsle.

- Me skal halde ved like alle kommunale bygg, førebyggja skader og oppretthalde god kvalitet. Her er eit godt arbeidsmiljø og få skader, konstaterer ein nøgd og ambisiøs leiar Vardan Vardanyan.



Ny fasade og oppgradert hems på Meling skule. (Foto: Jens Helge Habbestad)

Store skuleprosjekt

I samarbeid med BVA har dei gjennomført eit stort prosjekt for å få bukt med kloakk- og overvatnproblem ved Foldrøy skule. Her har dei også fått eit flott uteamfi.

Gilje skule har fått eit utvida klasserom og eit nytt tilbygg, drenert uteområde, asfaltert langs skulebygget, installert nytt ventilasjonsanlegg og renovert toalettanlegg.

Hillestveit skule har fått renovert heile klasseromsfløyen og toalettanlegga ute.

Moster skule er nymalt og det er rydda mykje skog etter stormen NINA i 2015. Skogsarbeid for å auka branntryggleiken er også gjort ved Rubbestadneset skule. Dei har og fått nytt uteamfi og gjerde rundt SFO-bygget.

Meling skule har fått renovert hemsen til nytt grupperom med rømningsvegar, asfaltert parkeringsplass og sikringsgjerde langs vegen.

Svortland skule har fått nytt lager og renovert skulekjøkenet. Renovering av skulekjøken er også starta opp ved Våge og Rubbestadneset skular.


Store prosjekt utanom skulane var renovering av Trivselshuset, sjukeheimen og oppgradering av hjelpemiddellageret.

Trafikksikring

- Det er asfaltert 2,5 kilometer kommunal veg og gjort fleire trafikksikringstiltak rundt om i kommunen, mellom anna frisktsoner ved Mæland og ved Gilje skule og utvida gang og sykkelsti ved Kåso i Langevåg, seier arbeidsleiar Reidar Meling på grønt og samferdsle.

Utfordringane for avdelinga i 2017 er å halde ved like kommunale vegar, kaier og bruer, drenering av overvatn, utskifting av gammalt utstyr og etterslep av vedlikehald på kommunale bygg. Det gjeld særleg utskifting av glas og ventilasjonsanlegg, samt bassenget på Hillestveit.

ORGANISASJON 2016



Arbeidsgjevartfunksjonen og kommunal personalpolitikk

Tabellen nedanfor syner utviklinga frå 2011 til 2016 når det gjeld lønsutgifter (i heile tusen kroner).

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Samla lønsutgifter	418 457	449 035	481 511	509 399	530 443	556 814
Av dette løn i faste stillingar	262 211	275 310	286 403	306 715	324 949	342 257
Særskilde tillegg til løna	24 204	25 423	27 810	29 123	28 230	29 736
Ekstrahjelp og overtid	9 985	10 243	12 467	12 669	12 720	12 767
Godtgjersle til folkevalde	2 140	2 107	2 243	2 114	2 318	2 234
Andre lønsutgifter	38 071	38 408	47 226	49 239	48 185	53 673
Pensjon og arbeids-gjevaravgift	81 846	94 607	105 362	109 540	114 041	116 147
Vekst i kommunen sine lønsutgifter	23 900	30 578	32 476	27 889	21 044	26 371
Vekst i %	6,1	7,3	7,2	5,8	4,1	5,0

Kommentar til tabellen: Tala som kjem fram under Pensjon og arbeidsgjevaravgift er inklusiv premieavvik og uttak frå premiefondet i KLP.

Auke i brutto lønskostnader, tariffrevisjonen og lokale lønsforhandlingar

Tilsette som høyrer til HTA kap 4 vert omfatta av sentrale forhandlingar og får mesteparten av sin lønsauke framforhandla sentralt. Tariffoppgjeret for 2016 var eit hovudoppgjer men det var ikkje lokale forhandlingar for tilsette i kap 4.

Forhandlingar for tilsette i kapittel 3 (verksemdleiarar) og i kapittel 5 (tilsette som ikkje er omfatta av sentral lønsregulering) skal kvart år førast på sjølvstendig grunnlag, etter visse kriteria og utan føringar frå sentralt hald. I samsvar med forhandlingsbestemmelsane vart det i 2016 gjennomført lokale forhandlingar for tilsette innan kap. 3, pkt. 3.4.2. og kap. 5.

For tilsette i heile KS sitt tariffområde (kommunar og fylkeskommunar) har det vore ei gjennomsnittleg årslønsvekst frå 2015 til 2016 på 2,5 %. Lønsoverhenget til 2017 er i fylgje TBSK (Teknisk beregnings- og statistikkutvalg for kommunesektoren) 0,8 % i gjennomsnitt for alle kommunalt tilsette.

For stillingar i kap 4 var årslønsveksten på 2,5 % med eit lønsoverheng til 2017 på 0,9 %. Årslønsveksten for stillingar med berre lokal lønsfastsetjing var i tariffområdet på 3,0 % for stillingar løna etter HTA kapittel 3.4 og 2,8 % for stillingar løna etter HTA kapittel 5. Lønsoverhenget til 2017 for stillingar i kap 3.4 er på 0,8 % og i kap 5 på 0,7 %.

Opplæring

Det vart ikkje gjennomført felles opplæringstiltak i 2016. Kurs og kompetanseheving vart gjennomført i verksemdene eller sektorane.

Sjukefråvær og attføring


Samla sjukefråvær i 2016 var på 6,95 % mot eit fråvære på 7,1 % i 2015.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2016 fekk Bømlo kommune totalt 16,91 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 14,74 mill. kroner i 2015. Desse inntektene kan nyttast til å dekkja kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgevar får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjevarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innanfor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarande gjeld ved fødselspermisjon. Bømlo kommune fekk totalt 7,86 mill. kroner i fødselspermisjonsrefusjonar i 2016 mot 6,55 mill. kroner i 2015.

Samla sjukefråvær i % av moglege dagsverk:

Tabellen under syner utviklinga i samla sjukefråvær i kommunen frå 2010 – 2016




Som tabellen syner har det vore ein svak reduksjon i sjukefråværet i Bømlo kommune frå 2015 til 2016.


I 2016 var det avtalt totalt 179 820 dagsverk og det var registrert 12 501 dagsverk med sjukefråvær. Tilsvarende tal for 2015 var 170 041 avtalte dagsverk og 12 131 dagsverk med sjukefråvær. Dette gjev ein fråværsprosent i 2016 på 6,95 % mot 7,1 % i 2014

Korttidsfråvær (fråvær inntil 16 dagar) i dagsverk år:

Korttidsfråværet var på om lag 3517 tapte dagsverk. Dette er likt i tapte dagsverk med 2015, der korttidsfråværet var på om lag 3521 tapte dagsverk. Figuren under syner utviklinga.



Langtidsfråvær (fråvær over 16 dagar) i dagsverk år:



Bømlo kommune hadde 8980 tapte dagsverk i 2016 grunna langtidssjukdom (fråvær over 16 dagar). Dette er ein auke på 370 dagsverk frå 2015 då det var 8610 tapte dagsverk grunna langtidsfråvær.

Samanlikningstal fråvær fordelt på sektor og kjønn i prosent av avtalte dagsverk

	Bømlo 2014			Bømlo 2015			Bømlo 2016		
	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %	Totalt %	Eigen-meldt %	Lege-meldt %
Samla fråvær	6,80	0,85	5,95	7,13	0,98	6,15	6,95	0,99	5,96
Kvinner	7,17	0,81	6,36	7,34	0,98	6,36	7,37	0,96	6,41
Menn	5,27	1,01	4,26	6,22	0,99	5,23	5,02	1,08	3,95
Helse og sosial	7,97	0,74	7,23	8,81	1,05	7,76	8,50	0,95	7,55
Kvinner	8,21	0,74	7,47	9,04	1,06	7,98	8,62	0,95	7,66
Menn	4,14	0,67	3,47	4,98	0,84	4,14	6,53	0,87	5,66
Oppvekst	5,75	0,92	4,83	5,16	0,91	4,25	5,65	1,02	4,63
Kvinner	6,04	0,87	5,17	5,7	0,89	4,81	6,37	0,98	5,39
Menn	4,68	1,09	3,59	3,02	0,97	2,05	2,83	1,15	1,68
Teknisk	7,89	1,07	6,82	13,07	1,22	11,85	7,48	1,05	6,43
Kvinner	7,85	1,92	5,93	4,91	2,02	2,89	2,89	1,66	1,23
Menn	7,89	0,89	7,00	14,64	1,07	13,57	8,40	0,93	7,47
Sentral-adm.	5,62	0,91	4,71	5,13	0,84	4,29	5,15	0,96	4,19
Kvinner	6,76	0,66	6,10	6,14	0,72	5,42	4,79	0,74	4,05
Menn	3,61	1,92	1,69	3,07	1,06	2,01	5,84	1,37	4,46

Bømlo kommune har hatt ein reduksjon i sjukefråværet frå 2015 til 2016 med 0,18 prosentpoeng.

Helse- og omsorgssektoren har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 0,31 prosentpoeng medan oppvekst har hatt ein auke i sjukefråværet med 0,49 prosentpoeng. Teknisk sektor har hatt ein reduksjon i sjukefråværet med 5,59 prosentpoeng samanlikna med 2015. Tilsvarende tal for sentraladministrasjonen syner ein auke på 0,02 prosentpoeng.



Trivselsprisen 2016 gjekk til Bømlo Vaksenopplæring, her representert ved f.v Marlen Hellen, Rigmor Sortland og Helge Pedersen. (Foto: Geir Einarsen)

Inkluderande arbeidsliv

Kommunen har fleire arbeidstakarar som har vanskar med å stå i den stillinga dei i utgangspunktet er tilsette i. Det er ei målsetting at slike saker skal finna si løysing i det daglege arbeidet ute på arbeidsplassane. Oppfølging av sjukmeldte krev kontinuerleg arbeid. Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid. Å ha tett samarbeid med NAV er viktig, særleg når det vert stilt strengare krav til oppfølging og tilrettelegging for tilsette med helseproblem.

Bømlo kommune har følgjande mål for sitt IA-arbeid:

- 1) Redusera sjukefråværet til under 5,4 %**
- 2) Tilrettelegge for eigne tilsette/og andre som får helseproblem/har funksjonshemming.**
- 3) Tiltak som inspirerer til å stå i arbeid lengst mogleg etter fylte 62 år.**

Tilrettelegging:

Innsatspunktet inneheld både oppfølging av sjukmeldte og det førebyggjande arbeidet for å hindra at personale blir sjukmeldt. I tett samarbeid med NAV-arbeidslivssenter, NAV Bømlo og YSST- HMS arrangerer kommunen faste møte med verksemdsleiarane for å informera og hjelpa dei i arbeidet.

I 2016 fekk Bømlo kommune utbetalt kr 601 200,- i tilretteleggingstilskot frå NAV. Til samanlikning fekk ein i 2015 utbetalt kr 609 299 og kr 1 104 405,- i 2014. Tilskotet var delt på 8 ulike ansvarsområde mot 15 ulike ansvarsområde i 2015 og 12 ulike ansvarsområde i 2014. Bømlo kommune fekk tilsegn om kr 501 989 i tilretteleggingstilskot frå NAV i 2016 mot kr 913 141 i 2015. Til samanlikning var tilsvarende tal for 2014 kr 620 000, 2013 kr 725 000, 2012 kr 645 000, 2011 kr 600 000 medan tilskotet for 2010 var kr 305 000.

I tillegg har kommunen fått om lag kr 962 000,- i ulike lønstilskot og tilskot til praksisplassar.

Bedriftshelsetenesta (YSST HMS) og kontaktpersonen i NAV vert også nytta i samband med opplæring i IA-avtalen og oppfølgingssaker.

Bømlo kommune har til ei kvar tid fleire personar på praksisplassar. Personar som av ulike grunnar er utanfor arbeidslivet får her høve til å få praksis som kan gjera det lettare å koma i ordinært arbeid seinare. Dette er eit arbeidsmarknadstiltak som ikkje er retta mot eigne tilsette, og vert formidla via NAV.



Arbeidsmiljø

Bømlo kommune har eigen HMS-plan som gir rammer for HMS-arbeidet i kommunen. Det skal gjennomførast årlege vernerundar ved alle verksemder og årleg medarbeidarundersøking for alle tilsette i Bømlo kommune. Bømlo kommune har i fleire år nytta eiga medarbeidarundersøking men i 2015 tok kommunen i bruk KS si medarbeidarundersøking 10-FAKTOR.

I tillegg skal alle tilsette og få tilbod om årleg medarbeidarsamtale.

For å sikra eit godt samarbeid med verneombod og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidsmiljø og sjukefråvær skal det gjennomførast medråderettmøte i alle verksemder.

Bedriftshelsetenesta vert også nytta i samband med måling av inneklima. Det er halde fagsamlingar for verneomboda.

AMU behandla til saman 31 saker delt på fire møter i 2016.

Likestilling

Etter likestillingslova §24 tredje ledd, har kommunen plikt til å greia ut om likestilling i eiga verksemd.

Arbeidsgjevarar skal gjere greie for:

- a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda og
- b) likestillingstiltak som er iverksatt og som planlegges iverksatt for å oppfylle aktivitetsplikta etter § 23.

Utgreiingsplikta gjeld for verksemder som i lov er pålagt å utarbeida årsberetning. Desse skal ta utgreiingane inn i verksemda si årsberetning.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02. Handlingsplanen er ei rettesnor for likestillingsarbeidet.

Dagsverk

	2014	2015	2016
Avtalte dagsverk alle	168 209	170 041	179 820
Avtalte dagsverk kvinner	136 086	138 346	147 041
Avtalte dagsverk menn	32 123	31 695	32 780

I 2016 var ca 81,77 % av avtalte dagsverk avtalt utført av kvinner. Tilsvarende tal for 2015 var at ca 81,4 % av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner. Dette er ein svak auke frå 2014 der 80,9 % av avtalte dagsverk var avtalt utført av kvinner og om lag på same nivå som for 2015. Menn hadde i 2016 18,77 % avtalte dagsverk av totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune. Til samanlikning var 18,6 % totalt avtalte dagsverk i Bømlo kommune i 2015 avtalt utført av menn.

Leiarar

I Bømlo kommune var ein av fem toppleiarar kvinner i 2016. Strategisk leing vart utvida med ein mann i 2016. Dette leiar til at kvinnedelen i strategisk leing er redusert til 20%. Av 23 verksemdsleiarar er 19 kvinner og 3 menn. Dette tilsvarar ca 87% kvinner og 13% menn. Noko som er ei endring frå 2015 med to kvinneleg verksemdleiarar meir og ein mannleg verksemdsleiar mindre. Til samanlikning var fordelinga mellom kvinnelege og mannlege verksemdsleiarar i prosent 82/118 i 2015, 77/23 i 2014 og 2013, 76/24 i 2012 og 2011, 68/32 i 2010, 73/27 i 2009 og 61,5/38,5 i 2008.

Løn

Gjennomsnittsløn i verksemdsleiargruppa er kr 677 600 mot kr 661 700 i 2015. Dette er ein snittauke på kr 15 900. For dei kvinnelege leiarane er gjennomsnittsløna kr 676 600 mot kr 659 000 i 2015 som er ein auke på kr 17 600 sidan 2015. Mannlege leiarar tener no kr 683 700 i snitt, noko som er ein snittauke på kr 9 700 sidan 2015. Kvinnelege verksemdsleiarar tener i snitt om lag 99 % av det mannlege verksemdsleiarar tener. Skilnaden er noko redusert samanlikna med 2015 då kvinnelege verksemdsleiarar tente om lag 97,8 % av det mannlege verksemdsleiarar tente.

	Alle 2015	Kvinner i Bømlo 2015	Menn i Bømlo 2015	Alle 2016	Kvinner i Bømlo 2016	Menn i Bømlo 2016
Toppleiarar		25 %	75 %		20 %	80 %
Verksemdsleiarar		77 %	23 %		82 %	18 %
Løn:						
Gjennomsnittleg årsløn for verksemdsleiarar i Bømlo kommune	661 700	659 000	674 000	677 600	676 600	683 700

Fråvær

Helse og sosial hadde det høgaste fråværet med 8,5 % i 2016. Det eigenmeldte fråværet i 2016 er på ca. 0,99 %, som er ein svak auke frå 2015 med om lag 0,04 prosentpoeng.

Sjuke born var grunnen til eit samla fråvær på 0,37 % av avtalte dagsverk i 2016. Dette er ein svak nedgang frå 2015 med 0,03 prosentpoeng. Kvinner har 0,37 % fråvær med sjuke born medan menn sitt fråvær med sjuke born utgjer om lag 0,07 % av avtalte dagsverk. Dersom me ser menn sitt fråvær med sjuke born i høve til tal dagsverk som har vore avtalt utført av menn, er deira fråvær knytt til sjuke born om lag 1,7 %.

Seniortiltak

Bømlo kommune sine seniorpolitiske retningslinjer har vore i funksjon sidan 2002. Ved årsskifte hadde kommunen inngått senioravtale med 49 tilsette. Dette er to senioravtalar meir enn i 2015 og 19 senioravtalar meir enn i 2014. Avtalane er alternativ til AFP. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning og er ikkje med i denne omtalen. Til saman 22 tilsette fylte 62 år i 2016. Det var og 22 tilsette som fylte 62 år i 2015. I 2014 og 2013 var det 21 tilsette kvart år som fylte 62 år. I 2012 var det 31 tilsette som fylte 62 år.

Å ha seniortiltak er ein del av IA-avtalen (Inkluderande arbeidsliv). Eksisterande intensjonsavtale om inkluderande arbeidsliv gjeld for perioden 4. mars 2014 til og med 31.12.2018.

Bømlo kommune har pr 4. kvartal 2016 33 tilsette i aldersgruppa 62-66 (utanom undervisningspersonale) som har tatt ut heil eller delvis AFP.

ØKONOMI/FINANS HOVUDOVERSIKT

	REKNESKAP	Budsjett	Revidert	Avvik	REKNESKAP
	2016	B2016	RB 2016	Rev.b-Rekn. 2016	2015
Inntekter- skatt, ramme m.m.					
Skatt inntekt og eige	-337 164	-315 520	-300 493	36 671	-291 741
Eigedomsskatt	-29 853	-29 500	-29 500	353	-29 049
Rammetilskot: Inntektsutjamning	3 547	-4 085	-11 721	-15 268	-7 771
Rammetilskot: Innbyggjar	-317 231	-317 303	-317 303	-72	-315 736
Rammetilskot: Skjøn	-14 500	-13 700	-13 950	550	-16 743
Andre generelle statstilskot	-37 056	-30 442	-34 237	2 818	-25 989
SUM inntekter - skatt, ramme m.m.	-732 257	-710 550	-707 204	25 053	-687 030
Netto rammer					
Netto ramme seksjon 1 sentrale styringsorgan	43 482	45 211	46 893	3 412	43 352
Netto ramme seksjon 2 oppvekst og kultur	347 895	318 068	340 554	-7 340	336 994
Netto ramme seksjon 3 helse, sosial og omsorg	238 691	237 037	240 182	1 491	222 663
Netto ramme seksjon 4 tekniske tenester	45 509	41 285	42 717	-2 792	40 400
Netto ramme seksjon 5 kyrkje, trdomssamfunn	8 278	8 286	8 286	0	7 975
Netto ramme seksjon 7 tilleggslyyving, ufordelt, premieavvik	-14 838	-579	-11 280	3 558	-7 958
Netto ramme seksjon 8 diverse inntekter/utgifter	-4 456	18 387	-3 899	557	500
Sum netto rammer i seksjonane	664 560	667 696	663 453	-1 106	643 926
Avskrivningar	27 904	25 700	25 700	-2 204	27 183
Sum før finanspostar inkl. avskriving	-39 793	-18 051	-17 155	20 638	-15 921
Netto finanspostar ekskl sosiale lån	33 462	32 849	32 762	-700	28 478
Motpost avskrivningar	-27 904	-25 700	-25 700	2 204	-27 183
Sum etter finanspostar ekskl. avskriving	-34 236	-10 005	-10 990	23 245	-14 626
Dekning tidl. års meirforbruk	0	0	0	0	3 458
Bruk av rekneskapsmessig mindreforbruk tidlegare år	-6 422	0	-6 424	-2	-1 394
Overføring til investeringsrekneskapen	200	0	200	0	0
Avsett til bunde fond	4 473	0	1 367	-3 106	6 408
Avs.disp.fond	16 538	10 114	16 538	0	2 885
Bruk bundne driftsfond	-2 530	-108	-691	1 839	-3 106
Rekneskapsmessige mindre/meir forbruk	-21 977	0	0	21 977	-6 424

Rekneskapsmessige mindreforbruk

Som det går fram av oversikta, viser årsresultatet for Bømlo kommune eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 21, 977 mill kr. I tillegg har kommunen sett av 16,5 mill kr til disposisjonsfond inkl bruk av 2015 mindreforbruket.

Inntekter (rammetilskot og skatt m.m.)

Summen av inntektene skatt, inntektsutjamning, rammetilskot, og andre generelle tilskot frå staten viser eit positivt avvik på heile 25,0 mill kr.

Skatt/inntektsutjamning: Totalt fekk Bømlo kommune ein meirinntekt i skatteinntektene på heile 36,7 mill. kr. kroner i høve til revidert budsjett. Veksten i skatteinntektene lokalt enda på 15,6%. Skatteinngangen samla for landet var lågare enn veksten lokalt (vekst på 9,7%). Dermed vart inntektsutjamning heile 15,3 mill. kr lågare enn revidert budsjett. Samla gav skatt med inntektsutjamninga ei meirinntekt på 21,4 mill. målt mot revidert budsjett. Det er fleire årsaker til den sterke skatteveksten i 2016. Den viktigaste årsaken er knytt til ein større salsgevinst som førte til auka skatteinnbetaling i mai 2016. Den sterke veksten på landsbasis skuldast at personlege skatteytarar tilpassa seg nye skattereglar som vart gjeldande frå inntektsåret 2016. (endra reglar for skattlegging av utbytte frå selskap) Utlikna formuesskatt til kommunen auka frå 18,8 mill kr i 2015 til 23,5 mill kr. dette året

Eigedomsskatt: Eigedomsskatteinntektene vart om lag i samsvar med budsjettet med ei meirinntekt på 0,4 mill kr. som heng saman med at nybygging av hus, hytter/orbuer og næringseigedommar. Skattesatsen i 2016 var på 4promille av skattegrunnlaget.

Rammetilskot:

Kommunen fekk skjønsmidlar frå Fylkesmannen med kr 250 000 etter søknad til ressurskoordinatorstilling for flyktningar. I tillegg fekk kommunen på slutten av året kr 550 000 utdelt av Fylkesmannen si restramme for skjønnsmidlar 2016. Denne siste summen var ikkje budsjettert.

Andre generelle statstilskot

Kommunen tok imot 66 flyktningar i 2016. Samla fekk kommunen 31,9 mill kr i statstilskot til dekning av utgifter ved busetting mm av flyktningane. Dette er 3 mill kr meir enn budsjettert. Kommunen mottok 2 mill kr i etableringstilskot/tilpasningstilskot frå husbanken, som budsjettert.

Deler av låneutgiftene vert dekkja av staten gjennom ordningane for rente – og avdragskompensasjon. I 2016 tok kommunen i mot 3,1 mill. kr mot forventa budsjettert 3,3 mill kr. Årsaka til avviket skuldast at rentenivået i Husbanken som styrer rentekompensasjonen var noko lågare enn rekna med ved budsjetteringa.

Netto finanspostar

Finans	R2016	Budsjett 2016	Rev.budsjett 2016	Avvik rev.budsj/rekneskap	R2015
Renteutgifter lån	19 578	18 065	18 065	-1 475	18 116
Låneavdrag	18 327	18 327	18 327	0	14 500
Renteinntekter	-2 760	-1 434	-1 521	1 238	-1 956
Renteinntekter startlån	-1 455	-1 928	-1 928	-473	-1 990
Renter andre fordringar, utbyte	-229	-181	-181	48	-192
Renter, utbyte og lån	33 462	32 849	32 762	-700	28 428
Rente og avdragskompensasjon	-3 152	-3 350	-3 350	-198	

Netto finanspostar viser eit meirforbruk dette året på 0,7 mill. kr. Renteutgiftene viser 1,5 mill .kr i høgare utgifter, noko som heng saman med auka margin på kommunalbanklån. (frå 0,55 til 0,70% gjeldande frå

19.03.2016). Dette utgjør om lag 0,7 mill kr i høgare renteutgift. I tillegg så tok kommunen opp låna noko tidlegare enn det som var føresett i budsjettet. Dette speglar seg att i renteinntektene som vart 1,2 mill kr høgare enn rekna med. Dette skuldast at lånemidlane stod lengre på kommunen sin bankkonto enn det som var berekna ved budsjetteringa. I tillegg har kommunen i dette året hatt ein vesentleg betre likviditet noko som ga høgare renteinntekter.

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT

	REKNESKAP	Oppr.budsjett	Rev.budsjett	Avvik	REKNESKAP
	2016	2016	RB2016	Rev.b-Rekn.	2015
Sum Driftsinntekter	-893 569	-812 591	-815 767	77 802	-842 122
Sum Driftsutgifter	853 569	795 396	797 676	-55 893	826 212
Brutto Driftsresultat	-40 000	-17 195	-18 091	21 908	-15 910
Sum Eksterne finansinntekter	-4 473	-3 555	-3 642	831	-4 289
Sum Eksterne finansutgifter	38 142	36 444	36 444	-1 698	32 707
Resultat Ekst. finanstransaksjonar	33 669	32 889	32 802	-866	28 418
Motpost avskrivningar	-27 904	-25 700	-25 700	2 204	-27 183
Netto driftsresultat	-34 236	-10 005	-10 990	23 245	-14 675
Sum bruk av avsetningar	-8 953	-108	-7 116	1 837	-4 500
Sum avsetningar	21 212	10 114	18 105	-3 106	12 751
Mindre/meirforbruk	-21 977	0	0	21 977	-6 424

Brutto driftsresultat = Driftsinntekter – driftsutgifter inkl. avskrivningar: 40,0 mill. kroner (positivt resultat)

Netto driftsresultat = Brutto driftsresultat – finanstransaksjonar – avskrivningar: 34,2 mill. kroner (positivt resultat) noko som utgjør 3,83% av driftsinntektene. Resultatet er 23,2 mill kr betre enn budsjettert.

Tabellane under gir ein oversikt over avvika der seksjonane står for eit negativt avvik på 1,1 mill. kr. Dette er nærare skildra under seksjonane i årsmeldinga.

Årets resultat – avviksforklaring	
Avviksforklaring	Avvik
	i mill. kroner
Årsresultat:	22,0
Avviksforklaring:	
Netto resultat Seksjon 1 sentrale styringsorgan	3,4
Netto resultat Seksjon 2 oppvekst og kultur	-7,3
Netto resultat Seksjon 3 helse og omsorg	1,5
Netto resultat Seksjon 4 tekniske tenester	-2,8
Netto resultat Seksjon 5 kyrkjelege føremål	0,0
Netto resultat Seksjon 7 Pensjon, premieavvik og ufordelte utgifter	3,6
Netto resultat Seksjon 8 finansiering	0,6
SUM Seksjonane	-1,1
Skatt på inntekt og eige	36,7
Eigedomsskatt	0,4
Ramme og statstilskot	-14,8
Eksterne finanstransaksjonar (renter/avdrag)	-0,7

Årets resultat – avviksforklaring Avviksforklaring	Avvik
	i mill. kroner
Andre generelle statstilskot	2,8
Interne finanstransaksjonar (bruk av fond/avsett til fond)	-1,3
SUM skatt, rammetilskot og finanstransaksjonar	23,1
Totalt avvik i forhold til budsjett:	23,2

Endring fond

Detaljert oversikt over avsetnad og bruk av driftsfond (disposisjonsfond og bundne driftsfond) følgjer av note 6 i årsrekneskapen. Disposisjonsfonda vart auka med 16,5 mill kroner. Bundne driftsfond auka med 1,9 mill. kroner i 2016 mens ubunde investeringsfond vart auka med 3,2 mill.kr. Pr. 31.12. var dei ubundne disposisjonsfonda på 19,5 mill. kroner. I tillegg hadde kommunen eit udisponert resultat på 22 mill kr. Bundne driftsfond var på 12,5 mill. kroner. Ubunde investeringsfond var på 6,8 mill kr, bunde investeringsfond utgjorde 4,3 mill kr.

Investeringar

Fordeling av investeringsmidlane mellom seksjonane følgjer av rekneskapsskjema 2B i årsrekneskapen. For ytterlegare informasjon om status på pågåande og avslutta investeringsprosjekt, sjå note 15 og oversyn over investeringsprosjekt i årsrekneskapen.

Arbeidskapital/likviditet

Tabellen under syner utviklinga i arbeidskapitalen i kommunen dei siste 5 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i likviditeten har vore.

	2016	2015	2014	2013	2012
<i>Omlaupsmidlar:</i>					
Endring betalingsmidlar	48 143	26 312	-10 698	-16 533	54 698
Endring kortsiktige krav	11 600	-8 415	8 477	8 197	-9 046
Endring premieavvik	-3 130	-17 177	-712	8 315	-6 375
Endring omlaupsmidlar	56 613	720	-2 933	-21	39 277
<i>Kortsiktig gjeld:</i>					
Endring kortsiktig gjeld	30 064	-39 886	32 627	12 134	4 063
Endring arbeidskapital (balansen)	26 549	40 606	-35 560	-12 155	35 214

I oppsettet over endring arbeidskapital er endring av premieavvik teke med. Endringa i premieavviket er ikkje kortsiktig likviditetsoppbygging då denne skal fordelast over 15 år/10 år/7 år. Kommunen sin likviditet har blitt vesentleg styrka i 2016. Ved årsskiftet er arbeidskapitalen 69,8 mill kr. inkl premieavviket, reell likviditet ekskl premieavvik er 40,7 mill kr.

Tabellen under syner korleis dei likvide midlane har utvikla seg dei siste åra. Desse er sett opp mot netto kortsiktig gjeld – kortsiktige krav.

	2016	2015	2014	2013	2012
Bankinnskot	105 462	57 320	31 007	41 706	58 238
Skattetrekksmidlar	16 454	15 804	15 896	14 850	14 531
Disponible bankinnskot	89 008	41 516	15 111	26 856	43 707
Ubrukte lånemidlar	13 189	25 175	3 875	34 031	33 606
Kjernelikviditet	75 819	16 341	11 236	-7 175	10 101
Kortsiktig krav – kortsiktig gjeld+skattetrekksgjeld	-64 818	-30 550	-61 927	-38 823	-35 204
Sum overskotslikviditet	27 938	-14 209	-50 691	-45 998	-25 103

Låneporteføljen – årsrapport i samsvar med finansreglementet

Låneporteføljen har eit samla volum på 737 mill. kr ved årsskiftet. Av samla lånevolum utgjør fastrentedelen 70%. Låna er i all hovudsak etablert med lang løpetid og dette medfører låg refinansieringsrisiko. Gjennomsnittleg porteføljerente er 2,68%. Kommunen sitt finansreglement har ikkje vore brote i perioden og dei interne rutinane for etterleving av finansreglementet er følgt. Lånemarginen i kommunalbanken AS har i perioden auka med 0,15% og utgjør no 0,70% på NIBOR 3 mnd. flytande rente. Utviklinga i låneporteføljen i 2016 vises i tabell under samanhalde mot finansreglementet.

Nøkkeltal lånegjeld	Vedtekne	Pr 01 01	Pr 30 04	Pr 31 08	Pr 31 12
Hovudtal	rammer	2016	2016	2016	2016
Brutto lånegjeld (i heile mill kr)		647	743	743	737
Netto renteutsatt balanse					
Antall lån		37	38	38	39
Gjennomsnittleg rente i porteføljen		2,75 %	2,66 %	2,64 %	2,68 %
Gjennomsnittleg flytande rente i porteføljen		1,61 %	1,71 %	1,66 %	1,76 %
Motpartsrisiko					
Største långevar		Kommunalbanken			
Største långevar sin andel av total gjeld		83,60 %	84,70 %	84,70 %	94,90 %
Største enkeltlån	35 %	15,50 %	18,60 %	18,60 %	18,76 %
Renterisiko					
Swapvolum (finansielle instrument) (i heile mill)		250	250	250	250
Finansielle instrumentar sin andel av total gjeld		38,20 %	33,60 %	33,60 %	33,90 %
Andel fast rente	Min 25	61 %	72 %	70 %	70 %
Andel flytande rente	Min 25	39 %	28 %	30 %	30 %
Gjennomsnittleg durasjon	Maks 5 år	2,23	2,44	2,24	2,03
Lengste rentebindingstid i heile år	10	6	5	5	5
Refinansieringsrisiko					
Gjennomsnittleg løpetid		12,2	10,9	10,5	10,5
Andel refinansiering innan 12 månader	Maks 40%	7,70 %	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Samansetning av låneporteføljen

Samla langsiktig lånevolum ved årsskiftet var 737 millionar kroner, ein auke på 90 mill kr frå 2015. Långjevarar er:

Långjevar	31.12.2016	31.12.2015	Andel 2016
Kommunalbanken	626	541	0,85
KLP	15	15	0,02
Husbanken	96	91	0,13
(tal i mill kr)	737	647	1,00

Endringar i låneporteføljen/risikoeksponering i 2016

Nye langsiktige lån/avdrag

Følgjande låneopptak er gjennomført i 2016 (tal i heile 1000 kr):

Kommunalbanken	kr 104 295
Husbanken	kr 10 000
Sum	kr 114 295

Det er betalt avdrag for 2016 på følgjande lån: (tal i heile 1000 kr)

Kommunalbanken lån	kr 19 326
Husbanken (samla)	kr 4 584

Refinansiering/ending i risikoeksponeringa


Det er tatt opp nytt fastrentelån i kommunalbanken på 138,3 mill.kr Låneopptaket er nytta til refinansiering av eit lån på 50,0 mill kr som hadde flytande rentevilkår, samt nytt låneopptak i samsvar med budsjett 2016 i Kommunalbanken på 88, 3 mill kr. Hausten 2016 tok kommunen opp ytterlegare 16,0 mill kr i lån til flytande NIBOR rente + margin 0,70%.

Nærare om låneporteføljen

Låna i kommunalbanken er med unntak av 2 fastrentelån tekne opp med flytande rente knytt til NIBOR 3 mnd med fast margin. Marginen vart auka i mars frå 0,55% til 0,70% Nibor 3 mnd var 1,18% slik at kommunen betalar ei flytande rente ved årsskiftet på 1,88%. Margintillegget kan endrast med 1 månads varsel.

Kommunen har 2 fastrentelån i kommunalbanken. I tillegg er fastrenter etablert ved bruk av renteswappar (rentebytteavtalar). Renteswappane er slik at kommunen (frå motparten, banken) mottek rente lik 3M nibor - og denne vert regulert kvar 3. månad på same tidspunkt som kommunen sine underliggjande lån. Kommunen betalar den avtalte, faste renta (til motparten, banken). Kommunen nyttar renteswappar fordi dette gir ein lågare fastrentekostnad enn tradisjonelle fastrentelån og det er meir fleksibelt ved eventuelle refinansieringar. Det er ikkje inngått renteswapavtalar etter 2011.


Fastrenteposisjonane, slik det går fram av tabellen under, har eit omfang som gjer at av samla låneportefølje har 70% fastrente og 30% flytande rente ved årsskiftet. (Finansreglementet sitt krav min-/maksimumskrav 25%)



Gjennomsnittlig durasjon (lengd) i låneporteføljen er 2,03 år (Finansreglementet sitt krav innanfor 0 -5 år) og rentekjensla (seier kva kursendringa vert ved renteendringar) er 2,0 %.


Framskriving av fastrenteandel

Ved å ta utgangspunkt i samansettinga av fast- og flytende rente i låneporteføljen og justere for forventna låneopptak/avdragsbetalingar frå økonomiplanen - samt å ta høgde for bortfall av eksisterande fastrenter og oppstart av framtidige (allereie etablerte) fastrenteposisjonar, kan fastrenteandelen i låneporteføljen framskrivast for økonomiplanperioden:



Strategi for rentesikringer

Bruken av rentesikring er heimla i kommunen sitt finansreglement. Kommunen nyttar rentesikringer (renteswappar) for å skape føreseieleg og stabile renteutgifter. All etablering av rentesikring skjer i samsvar med intern strategi for innlån og rentesikring. Hovedføresetnaden er at alle rentesikringer skjer med lang tidshorisont og at dei vil bli haldne til forfall (som anleggsmiddel).



Verdi på låneporteføljen og rentesikringer

Alle låna (utanom husbanklån) som har flytande rente har renteregulering kvar 3. måned på IMM dato (3 onsdag i månadane mars, juni, september og desember) Marknadsskursen på desse låna vil derfor i all hovudsak vere omkring pålydande verdi.

Når det gjeld fastrenteposisjonane (renteswappar) var dei verdt null ved avtaleinngåinga. Marknadsverdien av fastrenteposisjonane vil etter avtaleinngåinga svinge i takt med marknadsutviklinga for tilsvarende rentebindingar. Ved utløp av bindingsperioden vil marknadsverdien igjen vere null. Berekingar ved siste årsskifte syner at marknadsverdien av løpande fastrenter er negative med 19 mill. kr.(overkurs). Dette skuldast at fastrentenivåa har falt betydeleg sidan avtaleinngåinga:

Ved utløp av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil marknadsverdien være lik pålydande ("volum").

Marknaden for lån med kommunal risiko

Kommunar er føretrekte låntakarar i kapitalmarknaden. Dette medfører lett tilgang på kreditt samt gunstige rentevilkår. Marknaden prisar ikkje inn nokon renteoppgang i 2017, noko som går fram av prisane på sikringsinstrumenta (FRA-ane),

Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet

Ingen reglar i finansreglementet er brotne og det har ikkje vore avvik frå dette i 2016.

Samanlikning av renteutgifter (benchmarking)

Kommunen benchmarkar (målar) si lånerente ved å samanlikna porteføljerenta med ei referanserente som er relevant for kommunal risiko. Referanserenta er samansett av 3M nibor og 4-års fastrente med ein durasjon (løpetid) på 2,5 år. Det er ikkje teke omsyn til margintillegget som kommunen betalar i referanserenta, som følgeleg vert liggjande "for lågt" i grafen. Styringsrenta til Noregs Bank og 3M niborrente går også fram av grafen.

Porteføljerenta til kommunen vert prega av dei etablerte fastrentene og at desse er inngått på nivå som framstår som høge i dag.


Vurdering og handtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer jamnleg den finansielle risikoen. Det gjennomførast også slik vurdering i forkant av alle porteføljetilpassingar (ved etablering av rentesikringar) og låneopptak. Den finansielle risiko, som består av fleire element, vert gjennomgått. Kommunen har etablert rutinar for å gå gjennom kvart av elementa under finansiell risiko. Vurdering av elementa er gjennomført og vurderinga er arkivert.

Den finansielle risikoen blir vurdert å være tilfredsstillande, ønska og innanfor rammene i det vedtekne finansreglementet, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldande lov.


Stresstest

Det vert utført ein såkalla stresstest på låneporteføljen ved å simulere ein parallell **renteoppgang på 2 prosentpoeng** over heile rentekurven. Føremålet med stresstesten er å måle effekten av eit forhandsdefinert marknadssjokk. Ein renteoppgang vil føre til auka rentekostnader og positiv kursending på fastrenteposisjonane (fastrentene vil framstå som gunstigare etter ein renteoppgang):



Likviditet

Kommunen sin likviditet har styrka seg monaleg i løpet av 2016. Tabellen under viser dette. Likvide midlar er eksklusiv skattetrekksmidlar men med lånemidlane.




Likvide midlar har vore plassert i bank i 2016.

I tabellen under er det korrigert for unytta lånemidler, då desse skal brukast til investeringar og ikkje drift. Dette illustrerer godt kommunen si styrking av likviditeten.

	2016	2015	2014
Likvide midlar 31 12	89 008	41 516	15 111
unytta lånemidler	-13 189	-25 175	-3 875
Reelle likvide midlar	75 819	16 341	11 236

Nøkkeltal


Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2016 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen betra si økonomiske stode i 2016. Kommunen si økonomiske stode er framleis svak. Kommunen har framleis stram likviditet og kommunen sine frie fondsavsetningar er for små til å møte uføresette hendingar i eit driftsår. Dette heng saman med at kommunen sitt premieavvik utgjer ein stor del av frie disponible midler.




Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivningar er teke med i dette resultatelementet.

Kommunen fekk eit positivt brutto driftsresultat på 40,0 mill. kroner, mot eit positivt brutto driftsresultat i 2015 på 15,9 mill. kroner.


Opphavleg budsjettert brutto driftsresultat var på 18,1 mill. kroner i 2016, revidert brutto driftsresultat var på 17,2 mill. kroner.

Utvikling netto driftsresultat 2010-2016


Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått. Finanstransaksjonane inklusiv avskrivningar var på netto -5,6 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på 34,4 mill. kroner. I 2016 var netto driftsresultat 14,7 mill. kroner. Netto premieavvik inkl amortisering av tidlegare års avvik er utgiftsført med 3,1 mill kr i 2016. Budsjettet netto driftsresultat for 2016 var 10 mill. kroner. Kommunen fekk altså eit resultat som var klart betre enn budsjettet. Avviket er nærare kommentert foran.

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene 2010-2016

Teknisk berekningsutval tilrår at netto driftsresultatet målt mot sum driftsinntekter bør utgjera 1,75% over tid for at ein kommune skal ha ein sunn økonomi. Kommunen nådde dette målet i 2016 .


Utvikling i skatteinntekter og rammeoverføringer 2010–2016


Dei frie inntektene, dvs. inntektsskatt, eigedomsskatt, inntekstutjamning og andre rammetilskot har auka med 34, 2 mill. kroner frå 2015 til 2016, det vil sei ein auke på om lag 5,2%. Den sterke inntektsveksten heng saman med god skatteinnangang i 2016 med ein auke på 15,6%.

Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)



Brutto driftsutgifter i 2016 utgjorde 853,6,2 mill. kroner. Dette var ein auke på 3,3 % i høve til 2015 og utgjør 27,3 mill. kroner som fordeler seg slik:

Lønsutgifter, sosiale utgifter	26,3 mill
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon:	1,9 mill
Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon:	-3,3 mill
Overføringer:	2,6 mill
Avskrivningar:	0,7 mill
Fordelte utgifter:	-0,9 mill

Utvikling i brutto lønsutgifter (inkl. sosiale utgifter)


Brutto lønsutgifter inkl. sosiale utgifter utgjorde i 2016 556,8 mill. kroner. Dette var ein auke på 26 mill kr eller på 5,0 % i høve til 2015


Veksten i lønnskostnadane var noko høgare enn førre år. Årslønsveksten i kommunesektoren iflg tal frå teknisk berekningsutval var på 3,3%.

Utvikling av netto rente- og avdragskostnader i % av driftsinntekter



Netto rente- og avdragsutgifter auka med 5,2 mill. kroner i høve til 2015 og utgjorde til saman 33,7 mill. kroner.

Netto rente- og avdragsutgifter utgjorde 3,8 % av driftsinntektene i 2016 mot 3,4 % i 2015.


Den sterke auken i renteutgiftene heng saman med sterk auke i låneopptak samt høgare rentemargin på lån i kommunalbanken AS

Utvikling lånegjeld i % av driftsinntektene



Pr. 31.12.16 utgjorde brutto kommunal lånegjeld 83% av driftsinntektene. I denne andelen er ikkje gjelda i dei kommunale selskapa teke med. Lånegjelda er difor svært høg.

Utvikling brutto langsiktig gjeld (forfall > 1 år) (ekskl. pensjonsforplikting)



Kommunen si lånegjeld var ved utgangen av 2016 737 mill. kroner. Dette er ein auke på 14% frå 2015.

Brutto investeringar i % av driftsinntektene



Kommunen hadde høge investeringskostnader i 2016. Hovedgrunnen til dette er investering i ny ungdomsskule, symjebasseng, rehabilitering Hilfestveit skule og ombygging av gamle sjukeheimsdelen til kontor/legesenter. I tillegg til desse ei rekkje mindre investeringsprosjekt.

Utvikling av disposisjonsfond i % av driftsinntektene


Kommunen sitt disposisjonsfond, var tilnærma 0 men utgjør no inkl udisponert mindreforbruk på 21 mill kr 41,5 mill kr i 2016. I % av omsetninga utgjør dette berre 4,65%. Disposisjonsfondet er no for første gong på mange år større enn premieavviket. Forskjellen utgjør 12 mill kr eller knapt 1,3% av omsetninga. Kommunen er difor framleis sårbar for svingingar i økonomien. Sjå elles grafen under.



Utvikling av den totale egenkapitalen (inkl. kapitalkonto)



Etter flere år med negativ egenkapital har kommunen sin egenkapital blitt positiv

Folketalsutvikling i Bømlo kommune 2011-2016

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Folketalet 1. januar	11 421	11 503	11 638	11 749	11 761	11 778
Fødde	136	130	142	147	127	136
Døde	79	89	99	95	99	84
Fødselsoverskot	57	41	43	52	28	52
Innflytting	424	480	464	392	436	440
Utflytting	398	384	395	436	454	463
- herav innflytting frå utlandet	150	190	157	129	139	148
- herav utflytting til utlandet	40	26	29	48	49	61
Netttilflytting inkl. inn- og utvandring	26	96	69	-44	-18	-23
Forsinkelse i meldinger- inkl. i tilvekst	-1	-2	-1	4	7	-1
Folketilvekst	83	135	111	12	17	28
Folketalet 31.12.	11 503	11 638	11 749	11 761	11 778	11 806

Tabellen viser at Bømlo kommune i 2016 hadde fødselsoverskot på 52, som er det høgaste på fleire år. Negativ netto innvandring/utvandring førte likevel til låg vekst i folketalet (0,2% vekst). Summen av desse utgjør ein auke på 28 personar mot 17 i 2015. Når folketilveksten stoppar opp så vert inntektsveksten lågare.

Tabellen nedanfor viser fordelinga på aldersgruppene.

Etter alder	01.01.2011	01.01.2012	01.01.2013	01.01.2014	01.01.2015	01.01.2016	01.01.2017
Totalt	11 421	11 503	11 638	11 749	11 761	11 778	11 806
0-5	962	958	951	942	941	878	866
6-15	1 723	1 740	1 739	1 746	1 726	1 757	1 721
16-66	7 328	7 373	7 468	7 545	7 533	7 509	7 505
67-79	839	860	907	957	1021	1102	1188
80-89	455	446	445	408	393	395	382
90-	114	126	128	151	147	137	144

Folketalsveksten i kommunen har stagnert dei siste åra. Det som har prega året 2016 er ein fortsatt netto utflytting av folk i arbeidsfør alder. Det er talet på eldre som veks, serleg gruppa 67 – 79 år som sidan 2011 har auka med 41%. Sidan 01.01.2011 har folketalet vokse med 385 personar. Gruppa eldre over 67 år utgjør 306 av denne veksten.

Premieavvik/tilleggsføring/ufordelte postar

Økonomisk resultat

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik
PREMIEAVVIK,PENSJON	-14 838	-12 010	2 828
ÅRETS LØNSOPPGJER - AVSETNAD	0	730	730
	-14 838	-11 280	3 558


Tenester/oppgåver:

Desse ansvarsområda har ingen tilsette. Her finn me årets premieavvik/bruk av premiefond og årets avsetnad til lønsoppgjer/overheng som vert fordelt ut til dei aktuelle ansvarsområda i løpet av året.

Kommunen sine pensjonsutgifter vart noko lågare enn rekna med for 2016. I hovudsak skuldast dette at lønnsoppgjeret vart billigare enn rekna med, noko som førte til lågare reguleringspremie. Verksemdene vart budsjetttert med for høg premie og tilbakeføringa av denne er ført på sentral post inkl arbeidsgjevaravgift utgjør dette 4,3 mill kr. Amortisert premieavvik samt årets premieavvik og uttak av premiefond oversteig budsjetttert sum med 1,5 mill kr slik at netto utgifter/kostnad til pensjon hadde ei sparing på 2,8 mill kr.

Premieavvik

Kommunen har pr 31.12 opparbeida seg eit premieavvik på 29,1 mill kr. Reduksjonen av premieavviket i 2016 var på 3,1 mill kr. Kommunen har nytta 11,9 mill kr av premiefond til betaling av pensjonspremie i tillegg til å nedbetale tidlegare års premieavvik med 4,6 mill kr. Dette bidrog til å styrke likviditeten til kommunen med 16,5 mill kr i 2016.



Folkehelse – «Helsefremjande lokalsamfunn»



Stort oppmøte på folkemøtet til Rubbestadneset grendautval i samband med prosjektet «Helsefremjande lokalsamfunn».
(Foto: Simon Knutsson Sortland)

Bømlo kommune er ein av 4 kommunar i Hordaland (som er eit av 8 fylker) som deltek i Helsedirektoratet sitt folkehelseprosjekt "Helsefremjande nærmiljø/lokalsamfunn". Det er eit stort og viktig utviklingsprosjekt i Bømlo kommune. Arbeidet er på vegne av resten av kommune-Norge som skal kunne nytte vårt arbeid i sin kommune.


Moster, Rubbestadneset og Espevær er dei lokalsamfunn som deltek i prosjektet på Bømlo. Grendautvala har og laga oversikt på eit flyfoto over kva som er av ulike tilbod, aktivitetar i bygda. Dette skal digitaliserast og kunne nyttast av desse lokalmiljøa og kommunen.

Prosjektet tek sikte på å finne fram til gode metodar/metodeutvikling for kva som t.d. kjenneteiknar eit helsefremjande lokalsamfunn. Kva gjer at det er godt å bu her, kva er mindre bra og kva kan endrast/forbetrast. Bømlo kommune er tildelt midlar frå regionalt forskingsfond og har eit nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.

Det vart gjennomført årleg dialogmøte med lag og organisasjonar våren 2016. Folkehelsekoordinator har ansvar for å vere kommunen sin kontakt mot lag og organisasjonar.

Bømlo kommune signerte intensjonsavtale med Trygg Trafikk og HFK om å bli sertifisert som trafikksikker kommune. Det prosjektet vert vidareført inn i 2017.

SENTRALE STYRINGSORGAN



Innleiing

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, rådmann med rådmannsteam, forvaltning inkludert IKT og personal, økonomi, rekneskap og skatteoppkreveren, næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod.

Økonomisk resultat 2016

	Rekneskap 2016	Revidert budsj. 2016	Opphav. budsj. 2016	Rekneskap 2015	Avvik 2016
1 Sentrale styringsorgan	43 481 572	46 893 482	45 211 179	43 351 502	3 411 910

Sentrale styringsorgan hadde eit mindreforbruk i 2016 på 3,4 mill kr. 0,3 mill kr av dette var knytt til politisk verksemd. Utgiftene til revisjon og kontroll var 0,5 mill kr lågare enn budsjettert. Det vart ikkje betalt ut tilskot til BKE AS i 2016, dette utgjør 0,5 mill kr. Vakansar førte til redusert kostnad på 0,5 mill kr. Innsparte utgifter næring 0,2 mill kr, stabane hadde innsparing på 0,9 mill kr og fellesutgifter 0,2 mill kr.

Kostra data administrasjon og politisk styring

	Bømlo 2014	Bømlo 2015	Bømlo 2016	Stord	Landet uten Oslo	Kost-ragruppe 11
Prioritet						
Netto driftsutg. til adm. og styring i prosent av totale netto driftsutg	6,5 %	6,6 %	6,4 %	7,1 %	8,1 %	7,9 %
Produktivitet						
Brutto driftsutgifter til adm. og styring i kr. pr. innb **)	4 495	4 128	4 169	4 334	4 848	5 086
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring i kr. pr. innb **)	335	404	304	193	394	456
** justert for behovstrong						

Det går fram av KOSTRA-tala at kommunen nyttar mindre til dei administrative tenestene samt til politisk styring enn landsgjennomsnittet og kommunane i vår kostragruppe.

Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan har 1,2 årsverk med fast årleg godtgjersle. I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon høyrer også innunder dette ansvaret.

I 2016 har kommunestyret behandla 141 saker fordelt på åtte møte. Formannskapet behandla 113 saker delt på åtte møte.

Rådmann

Ansvar/verksemd:

Rådmann

Består av 3 stillingar: rådmann, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg.

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iverksetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan
- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderande Arbeidsliv

Internkontroll

I samsvar med kommunelova sine bestemmelser i § 23.2 har rådmannen følgjande oppgåver:

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organ er forsvarleg utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer og at den er gjenstand for betryggende kontroll».

Bømlo kommune har eit godt kvalitetsstyringssystem frå leverandøren Compilo (firmaet har skifta namn frå KvalitetsLosen til Compilo).

Kvalitetsstyringssystemet er rollestyrt, slik at ulike rollar har ulik tilgang. Når det er skifte i kven som innehar rolla, så føl rettane med rolla og ikkje med den einskilde tilsette.

Alle tilsette har tilgang til kvalitetsstyringssystemet, der ein finn styrande dokument og der tilsette kan melda avvik og levera forslag. Det er og tilgjengeleg ein ROS-analysemodul og årshjul-modul.

Dokumentstrukturen er laga slik at dei dokumenta som gjeld alle tilsette ligg på overordna kommunenivå, dokument som gjeld tilsette i den einskilde seksjon eller den einskilde verksemd ligg på kvar av desse nivåa, og namninga er gjort på ein slik måte at det er enkelt å sjå kven dokumentet gjeld for. Alle dokument skal re-godkjennast med maksimum 1 års mellomrom.

Kommunen si kvalitetshandbok skildrar kvalitetssystemet og kvalitetspolitikken, vedeteke av kommunestyret i juni 2012. Dette dokumentet er no under revisjon. I dokumentet er det skildra to typar støttefunksjonar for rådmannen:

- Kvalitetsutvalet, som består av rådmannen si utvida leiargruppe, har til hovudoppgåve å hjelpa rådmannen på overordna nivå i det førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeidet i kommunen.
- Kvalitetsgrupper i kvar av seksjonane, som er leia av medlemmer i kvalitetsutvalet, skal ta i vare seksjonen og underliggjande verksemdar sine behov for koordinering av arbeidet med kvalitet.

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

"Uønskte hendingar og/eller brot på kvalitetskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, prosedyrar eller rutinar."

Avviksmeldingar skal vera ein viktig del av arbeidet med å forbetra tenestene i kommunen, og terskelen skal vera låg for å melda avvik. Det vert laga statistikkar som blir drøfta i rådmannen si leiargruppe, kommunalsjefane sine leiargrupper og i AMU.

Oversikt melde avvik 2014 vs 2015 og 2016

	2014	2015	2016
BOB – brann og beredskap	0	0	0
HSO – helse, sosial og omsorg	524	689	676
OKI – oppvekst, kultur og idrett	201	176	219
SSO – sentrale styringsorgan	8	6	5
TEK – teknisk avdeling	12	11	6
SUM	745	882	906

HMS-avvik (Hendingar og situasjonar knytt til helse, miljøet og tryggleiken til dei tilsette, og hendingar som vedkjem det indre eller ytre miljø på arbeidsplassen, t.d. skade på tilsett.) (Nokre avvik som gjeld tenestemottakar, t.d. elev, der avviket gjeld HMS-relaterte ting vert sett i kategori HMS, medan avvik som gjeld tenestemottakar skal ikkje meldast med kategori HMS, men kategori «teneste/brukar». Dermed er det noko overrapportering i kategori HMS.)

Avvik, fordelt på kategori, seksjon og samla for heile kommunen 2014 vs 2015 og 2016

	år	HSO - Helse, sosial og omsorg			OKI - Oppvekst, kultur og idrett			SSO - Sentrale styringsorgan			TEK - Teknisk avd. inkl. teknisk drift			BK – Bømlo kommune (totalt melde avvik)		
		2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014	2015	2016
Totalt melde avvik		524	689	676	201	176	219	8	6	5	12	11	6	745	882	906
<i>hovud-kategori</i> HMS		269	413	352	111	80	116	3	1	2	9	7	2	392	501	472
<i>under-kategorier</i>	Arbeidsmiljø	70	88	89	31	17	37	1	1	2	2	3	1	104	109	131
	Nesten-uhell	29	37	21	8	10	3	2			1	1		40	48	26
	Ullukke, skade	29	56	54	21	13	24				5	4		55	73	79
	Vold og truslar	145	249	176	45	35	39					1		190	285	215
	Ytre miljø	26	22	16	16	9	16	1			1		2	44	31	40



*Framsida på Bømlo-nytt etter ferjebrannen i Rubbestadneset 29. oktober 2016.
(Faksimilie Bømlo-nytt 2.11.16)*

Beredskap

Grunnlaget for kommunal beredskap finn me i Lov om beredskapsplikt (2010), sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret med tilhøyrande forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Bømlo brannvern er med i eit samarbeid med Luftambulansen i eit prosjekt som heiter «Mens vi venter på ambulansen». Dette prosjektet har utan tvil vore med å styrke delar av kommunen sitt beredskapsarbeid knytt til helseberedskapen i kommunen.

Bømlo kommune sin overordna beredskapsplan skal omarbeidast slik at planen vert enklare å nytta som oppslagsverk når det oppstår ei krise og/eller beredskapssituasjon.

Det er også gjort avgjerd om at me skal ta i bruk ein ny modul i Kvalitetslosen- Årshjulet. Leiargruppa har laga sine årshjul og det er meininga at dette skal rullast ut i organisasjonen i eit omfang og tempo som er hensiktsmessig. Ved å ta dette i bruk vil det vera enkelt å kunne lese seg til når dei ulike aktivitetane gjennom året skal utførast.

Kommunen ønskjer å ha høg fokus på beredskap. Dette ut frå kommunen si klare føring om at førebygging skal ha høg prioritet. I beredskapssamanheng vil alltid liv og helse ha høgast prioritet, men det er eit mål at beredskapsorganisasjonen i alle faser /også vanleg driftsfase har som mål å sikre materielle verdiar.

I 2016 har me arbeidd med korleis me betre når ut til våre innbyggjarar gjennom varsling. Brannavdelinga har allereie ei tid hatt høve til å varsle alle innbyggjarar gjennom SMS-varsling. I samband med ferjebrannen på Rubbestadneset i oktober vart dette systemet nytta til å varsle alle i området om evakuering. Me har no gjort avtale med ein leverandør som gjer at me generelt kan nytte dette systemet ved spesielle behov. I tillegg har skulane eit varslingssystem på SMS som gjer at me t.d. kan varsle foreldre om akutt innstilling av skuleskyss når vegbana er for glatt for forsvarleg busstransport.

Eit forsvarleg varslingssystem er også eit krav med omsyn til raskt å kunne varsle om ulike epedemiar eller t.d. miljøtrugslar mot våre kjelder for drikkevatt.

Det er utarbeidd eit utkast til øvingsplan som viser øvingar vi har hatt og øvingar vi skal gjennomføre. Dette skal bidra til at me gjennom oversikt betre sikrar at me har øvingar på ulike delar av planverket.

Ferjebrannen i Rubbestadneset oktober sette heile beredskapsorganisasjonen på ein hard prøve. Evaluering i ettertid både internt, eksternt og tilbakemeldingar frå media/publikum meiner kommunen løyste denne oppgåva på ein god måte. Dette gav oss nyttig kunnskap med omsyn på å evaluere planverket.

Her fekk me øva på varsling, evakuering av ei bygd, oppfølging av dei som var evakuerte, informasjon til dei som er råka, media og andre. I tillegg fekk brannavdelinga vår nyttige røynslar på skadestaden.

Økonomi

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Skatteoppkrevingen

Samla har avdelinga 11,1 årsverk fordelt på 12 medarbeidarar. Avdelinga fører rekneskapen for kyrkjeleg fellesråd. I tillegg utførar avdelinga nokre tenester for Stord og Fitjar kommune.

Tyngre innfordring vert utført av Lindorff på vegne av kommunen.

Skatteoppkrevingen har samla krove inn og fordelt 1 447 mill kr til stat, kommune, fylkeskommune og folketrygda. Dette er ein auke på 68 mill kr frå 2015. Kommunen sin del utgjorde i 2016 kr 337 mill kr, ein auke på 15,8%.

Kommunen deltek i eit interkommunalt innkjøpssamarbeid med kommunane Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Stord. Saman finansierer desse kommunane 1,5 årsverk. I tillegg er Bømlo med i eit interkommunalt samarbeid om e-handel. Dette samarbeidet omfattar 20 kommunar i Sunnhordland, Hardanger og på Haugalandet. Bømlo kommune tok initiativ til dette samarbeidet og e-handelsressursen som utgjer eit halvt årsverk er knytt til økonomiavdelinga i kommunen.

Personal

Tenester/oppgåver

Personalavdelinga vart utvida med eit halvt årsverk frå september 2016 og har no 2,5 årsverk pluss lærlingar. Hovudansvarsområde for personalavdelinga er å gi råd og rettleiing til verksemdene og tilsette i alle spørsmål som er knytt til personalområdet.

I tillegg har avdelinga ansvar for oppfølging i høve lov og avtaleverk og personalsaker på tvers av verksemdene. Sekretærfunksjonen for AMU ligg og til avdelinga. Avdelinga har eit særskilt ansvar for å vedlikehalda og utarbeida internt regelverk og rutinar innfor sitt fagområde.

*Lærling i institusjonskokk-faget Xuyen Truong.
(Foto: Simon K. Sortland)*



Forvaltning

Forvaltning har sju tilsette fordelt på 6,75 årsverk og omfattar organisasjonssjef, IKT-avdelinga og drift av kantina.

IKT-avdelinga er ein intern støttefunksjon med driftsansvar for alt kommunalt IKT-utstyr. I 2016 har det vore arbeid aktivt gjennom oppgradering av utstyr og programvare med å redusera risikoen for driftsavbrot og nedetid for IKT-utstyr. Avdelinga driftar og sak- og arkivsystem for kommunane Fitjar, Haugesund, Stord og Tysvær.

Næring

Tenester/oppgåver

Nærings- og samfunnsutvikling

Utfordringane i næringslivet har vore store også i 2016. Mange verksemdar har redusert bemanninga og ein del har også permittert delar av arbeidsstokken. På slutten av året såg ein del av verksemdene som slit nokre små teikn til betring, men den krevjande marknadsutviklinga vil nok for mange halde fram også i 2017.

Havbruksnæringa går likevel godt, og her har vore stabil og god sysselsetjing, medan offshorerederia slit. Her er det ikkje håp om den store betringa før ein kjem inn i 2018.

Primærnæringane fiske og jordbruk har hatt stabil utvikling i 2016. Fiske har hatt ei veldig god utvikling. Kommunen arbeidde i størstedelen av 2016 tett opp mot industrikynga i Rubbestadneset og nye potensielle aktørar for etablering i det ferdigregulerte industriområdet. Det ser no ut for at vi lukkast i arbeidet med å vidareutvikle industriområdet og ny aktør har meldt at dei vil etablere seg så snart råd er. Dette gir også ringeverknader for dagens aktørar og det er etablert eit tett samarbeid.

Det har vore tett dialog mellom kommunen og lokale næringsaktørar på Langevåg for å sikre at ny Bømlo fiskerihamn vert finansiert i den komande NTP. Det er mellom anna etablert ei arbeidsgruppe. Tidleg på året arbeidde vi mot fagetatane og gav mellom anna ein tydeleg uttale til fagetatane sitt utkast til NTP. Seinare på året har det vore tett oppfølging mot ulike politiske aktørar, både i regjeringsapparat og Storting.

Dette arbeidet held fram inn i 2017 og det er no kjend at fiskerihamna er med i NTP, men først frå 2024. Fokus er no at Storinget skal framskande realiseringa.

Samarbeidet med Atheno om næringsutvikling har halde fram i 2016. Oppgåvene har vore knytt til etablerarretteiing og hjelp til gründarar.

Det tette samarbeidet med Bømlo Næringsråd har halde fram. Ordføraren sin julelunsj kor kommunen si leiiing møter ulike næringsaktørar var spesielt godt besøkt i år. Her legg ein opp til å orientere om kommunale prioriteringar og ha dialog om desse. Tre stortingsrepresentantar gav gode og interessante innlegg om lokale og sentrale utfordringar.



Tre stortingsrepresentantar stilte på ordføraren sin julelunsj for næringslivet i kulturhuset. (Foto: Simon Knutsson Sortland).

Kommune og næringsliv har også arbeidd tett for å sikre eit best mogleg vidaregåande skuletilbod på Bømlo. Me har gått saman om å utfordre fylkeskommunen i eit pilotprosjekt kor næringsliv, fylkeskommunen og kommune går saman om å utvikle eit tilbod som skal sikre næringslivet konkurransedyktig og godt kvalifisert arbeidskraft, og gjennom ein tett oppfølging av elevane halde fråfallet på eit lågt nivå.

Fellessekretariat og kundetorg


Tenester/oppgåver:

Fellessekretariatet er eit støtteapparat for administrasjonen og for politikarane. I tillegg tek dei seg av alko-holløyver og skjenkekontroll. Sekretariatet tar seg av all posthandtering til og frå kommunen. I tillegg legg dei til rette for og har ansvar for utsending av saker til kommunestyret, formannskapet og alle utval. Fellessekretariatet fungerer også som valsekretariat annan kvart år. Det kommunale arkivet ligg innunder dette ansvarsområde.

Kundetorget si oppgåve er å gi dei som oppsøker rådhuset god informasjon og rettleiing for alle ansvarsområde på rådhuset og kommunen elles. Kundetorget er i tillegg kommunen sitt turistkontor. Kundetorget har to arbeidsstasjonar. Forutan kundeverten så er der ein arbeidsplass for teknisk som er bemanna kvar dag.

Fellessekretariat/kundetorg har til saman 5,7 stillingsheimlar.

OPPVEKST, KULTUR OG IDRETT



Innleiing

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjer 14 sjølvstendige verksemdar: 10 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og folkebibliotek. I tillegg kjem barne- og familietenesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester og avlastningstilbod. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak vert finansierte av kommunale tilskot.

Det økonomiske resultatet for grunnskulane gjekk samla i pluss. Vaksenopplæringa fekk eit meirforbruk som har samband med mottak av fleire flyktningar enn budsjettert i 2016. Det vises til meirinntektene kommunen fekk på 3 mill kr i samband med mottak av flyktningar. Kulturskulen og barne- og familietenesta gjekk med underskot. Dei største overskridingane finn ein på utbetaling til barnehagane og til barnevern.

Utgiftene til barnevern auka meir enn rekna med siste året. Det er utgiftene ved omsorgsovertaking som har auka kraftig. Utgiftene til barnevernstiltak knytt til einsleg mindreårige har vokse sterkt. I tillegg rigga kommunen seg for å ta mot fleire einslege mindreårige noko som førte til ekstra utgifter i 2016.


Barnehagane hadde fleire barn enn kva kommunen rekna med ved budsjetteringa. Nokre av desse barna er barn av flyktningar som har fått plass i barnehagane.

Økonomisk resultat 2016

Ansvar	Rekneskap 2016 Tal i heile 1000	Opphavleg budsj. 2016	Revidert budsjett 2016	Avvik	Rekneskap 2015	Vekst 2015- 2016
FELLES GRUNNSK./SPES.UND.	5 343	4 969	4 672	-671	4 751	12,5
ESPEVÆR SKULE	1 663	1 552	1 691	28	1 853	-10,3
FOLDRØY SKULE	5 085	5 027	5 102	18	4 777	6,4
GILJE SKULE	9 717	9 174	9 871	154	9 277	4,7
MELING SKULE	10 904	10 480	11 253	349	9 844	10,8
VÅGE SKULE	8 976	8 804	9 208	232	8 430	6,5
BREMNES UNGDOMSSKULE	30 346	27 886	30 693	347	27 394	10,8
HILLESTVEIT B/U SKULE	16 807	16 077	16 908	101	16 041	4,8
MOSTER SKULE	30 331	28 521	29 817	-514	27 951	8,5
RUBBESTADNESET SKULE	17 255	16 286	16 913	-342	16 561	4,2
SVORTLAND SKULE	29 199	24 728	28 734	-466	24 997	16,8
BARNEH. FELLES, SPES.UND.	104 641	101 889	101 891	-2 750	109 775	-4,7
VAKSENOPPLÆRINGSSENTER	11 265	3 525	10 146	-1 119	1 596	605,8
INTEGRERINGSMIDLAR	0	0	0	0	-2 446	-100,0
ASYLMIDLAR	0	0	0	0	-1 045	-100,0
KULTURSKULEN	6 529	6 274	6 423	-106	6 053	7,9
KULTUR/BARNE OG UNGDOMSARBEID	4526	4 757	5 288	762	1 730	161,6
BIBLIOTEK	3 393	3 286	3 357	-36	3 301	2,8
KULTURHUS	1 224	1 224	1 224	0	1 224	0,0
SOSIALKONTORTENESTER	2 731	2 857	2 857	144	2 402	13,7
AVLASTINGSBUSTAD	5 311	5 520	5 319	8	4 530	17,2
BARNE OG FAMILIETENESTE	18 802	15 860	18 355	-447	15 275	23,1
BARNEVERN	22 606	20 099	20 099	-2 507	20 937	8,0
LAURHAMMER BUFELLESKAP	3 186	-456	714	-2 473	1 397	128,1
Oppvekst, kultur og idrett	349 842	318 068	340 554	-9 287	316 603	10,5

Ressursfordeling

Av dei samla ressursane som seksjonen disponerte i 2016 gjekk nær halvparten til drift av grunnskulane i kommunen. 30% gjekk til å kjøpe barnehagetenester frå dei private barnehagane. Barnevernet utgjorde 7,4 % mens seksjonen nytta 4,4 % til kulturføremål og 3,4% til førebyggjande tenester skulehelseteneste og helsestasjon.



Dei første åra

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og andel barn i alderen 0-5 år i barnehage er høgare i Bømlo enn i landet sett under eitt. Det kan likevel sjå ut til at denne andelen har gått litt ned i 2016, mest truleg grunna høgare arbeidsløyse og fleire permitteringar i delar av industrien.

Det er god kapasitet i alle krinsane med barnehage, med unntak av Rubbestadneset. Brukarar frå denne krinsen har likevel kort veg til barnehagane i Svortland krins.

Ordninga med kommunal kontantstønad for born mellom 2 og 3 år er vidareført i 2016. Tilsaman 19 familiar har nytta seg av dette i året som har gått, noko som er ein marginal auke samanlikna med 2015. Majoriteten av desse familiane har minoritetsbakgrunn.

Våren 2016 vart det tilsett ein eigen rådgjevar med ansvar for m.a. barnehagefeltet, etter at stillinga hadde stått vakant i bortimot 2 år. Den auka kapasiteten har gitt svært gode resultat i form av tettare oppfølging og styring av barnehagane både knytt til rammer og innhald.

Barnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi. Dei siste kvalitetsmeldingane for både skule og barnehage peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning. Dette vert sentralt i arbeidet med ny nasjonal rammeplan for barnehagen som starta i 2016.

Bømlo kommune tek desse utfordringane på alvor. I 2016 vart søknad om stimuleringsmidlar for å innføre den såkalla BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats) innvilga og arbeidet med forankring er godt i gong. Målet er å styrke innføringsarbeidet lokalt og samstundes følgje den regionale satsinga på feltet i regi av Helse Fonna.

Det har også vore satsa på språkarbeid og ein av barnehagane har delteke i pilotering av den nasjonale satsinga «Språkløyper» - som einaste barnehage i Hordaland.

Det er gjennomført brukarundersøkingar i barnehagane i Bømlo i 2016 og foreldra er generelt godt nøgde med det tilbodet dei får – her ligg ein rett over det nasjonale snittet.

Omlegginga av finansieringa av barnehagesektoren har over år skapt store utfordringar for Bømlo. Også i 2016 har utbetalinga til sektoren vore langt høgare enn det rammetilskotet kommunen får for å finansiere området. Dette har samanheng med at kommunen berre har private barnehagar og derfor må nytta nasjonale satsar.

Det er likevel slik at Bømlo ikkje lenger er dyrast på dette området om me samanliknar oss med andre Sunnhordlandskommunar. T.d. har både Etne og Kvinnherad vesentleg høgare satsar for både små og store born. Stord ligg også over nasjonal sats når det gjeld dei yngste borna. Heile barnehagesektoren har eit underskot på 2,75 millionar kroner.

Utviding av ordningane med gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling har medført stor auke i sakshandsaming for kommunen. Samstundes er dette gode og treffsikre tiltak som bidreg til at betalingsevne ikkje vert eit like stort hinder for å kunne delta i den viktige arenaen for lek og læring som barnehagen er.

Grunnskule

Også i 2016 har to satsingsområde hatt særleg fokus innanfor grunnskule: *Lesing og læringsmiljø*. Dette har vore ei bevisst vidareføring frå året før. Det har vore jobba særskilt med kompetanseutviklingstiltak, både på individ- og organisasjonsnivå, for å leggje grunnlag for ei anna innretning på lesesatsinga.

Alle 4 skular med ungdomstrinn har i 2016 jobba systematisk med den nasjonale satsinga *Ungdomstrinn i utvikling*. Her har skulane fått støtte frå universitets- og høgskulemiljø til lokalt utviklings- og kvalitetsarbeid. 3 av 4 skular har hatt lesing som satsingsområde og eigne ressurslærarar ved kvar skule har fått verdifull kompetanseheving knytt til både satsingsområda og organisasjonsutvikling generelt. Dette arbeidet vert vidareført.

Barneskulane Våge, Meling og Gilje har i løpet av fjoråret avslutta si pilotering av den nye nasjonale strategien for lesing og skriving utvikla ved Universitetet i Stavanger; *Språkløyper*. Dette tilbodet er no tilgjengeleg for heile landet. Utprøvinga har gitt verdifull kompetanseheving for lærarar og skuleleiarar, og høve til utprøving av metodikk basert på den nyaste tilgjengelege forskinga på feltet. Arbeidet med å nytte *Språkløyper* i arbeidet med lesing og skriving vert no vidareført i heile Bømloskulen.

Alle elevar har etter opplæringslova rett til eit psykososialt skulemiljø som fremjer helse, trivsel og læring. Sjølv om skulane jobber systematisk med ei rekkje tiltak for å sikre eit mobbefritt miljø og mobbeplanar er implementerte, viser dessverre den årlege *Elevundersøkinga* at andelen elevar som vert mobba i Bømloskulane ligg på eller over landssnittet. Det har vore jobba systematisk med følgjande 3 område:

- 1) Tiltak som *fremjer* eit godt psykososialt skulemiljø
- 2) Tiltak som *førebyggjer* mobbing og krenkingar
- 3) Tiltak for å *handtere* hendingar



Våge skule gruppe 1 vann kommunekåringa av Smartare Energi 2016. Elevane er David Bærøy, Malin Bengtsen, Emil Strand Hope, Trine Økland, Henry Ådnanes, Annika Ådnanes, Marianne S. Tollaksvik og Martin Sæbø Nilsen. (Foto: Geir Einarsen)

Arbeidet så langt har gitt auka kompetanse og tydelegare system for oppfølging. Det er likevel slik at ein både lokalt og nasjonalt manglar gode verktøy og kompetanse for å handtere dei mest kompliserte sakene. Årsakar til mobbing/krenkingar kan vere svært samansett og krev eit godt samarbeid med heim og fritid for å lykkast.

12 lærarar har gjennomført vidareutdanning i 2016 innanfor den nasjonale ordninga *Kompetanse for kvalitet*. I tillegg har 6 lærarar fått finansiert si vidareutdanning etter kommunal ordning. 3 skuleleiarar har også fullført *Rektorskulen*. Samla fullførte og beståtte studiepoeng er 570.

Det har også vore gjennomført omfattande etterutdanning (kurs, workshops, nettverk, osv.) for både lærarar og assistentar. Kompetansehevinga har i stor grad vore knytta til lese-/skriveopplæring og godt psykososialt miljø/ arbeid mot mobbing.

Gjennom heile 2016 har skuleeigar, saman med leing og tillitsvald ved Svortland skule, delteke i KS sitt effektiviseringsnettverk knytt til skuleutvikling.

Det har vore gjennomført fleire ombyggings- og restaureringsprosjekt ved grunnskulane som har ført til forbetra inneklima og meir funksjonelle/moderne lokalar for både elevar og tilsette. I tillegg til mindre ombyggingar som t.d. på Meling skule, har Gilje skule fått eit tilbygg for å huse ein stor klasse og Hillestveit skule har gjennomført eit omfattande restaureringsprosjekt av den eldste delen av skulebygningen med mange klasse-/grupperom og arbeidsplassar for dei tilsette.

Bømlo vaksenopplæring – BVO

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå Lov om introduksjonsordning, samt ut frå Opplæringslova kap 4. Oppdraget er å leggje til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbudet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak
- Yrkesretta norskkurs
- Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring
- Eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne
- Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
- Avvikling av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak
- Realkompetansevurdering
- Rådgivning og karriererettleiing
- Foreldrerettleiing (PMTO og ICDP)

I tillegg vert det tilbode kurs for bedrifter. Dette kan vere datakurs, lese- og skrivekurs (BKA-kurs). Ein tilbyr også norskkurs for arbeidsinnvandrarak.

I samband med at kommunane har fått ansvar for realkompetansevurdering av vaksne og at nye obligatoriske digitale prøveformer i norsk og samfunnskunnskap er innført, har arbeidsoppgåvene ved vaksenopplæringa auka mykje. I 2016 har også andre kommunar kjøpt tenester hos oss for vaksne som treng realkompetansevurdering og eksamensretta grunnskuletilbod.

Hausten 2016 flytta vaksenopplæringa inn i nye og meir tenlege lokaler.

Integreringsmidlar

Kommunen busatte 59 flyktningar i 2016, mot 32 året før. I tillegg kom 7 personar på familiesameining. Dette var eit høgare antall enn planlagt, mykje på grunn av nedlegging av Bømlo mottak.

Dei ulike tenestene har i utgangspunktet ei fast overføring i budsjettet. Dette skal finansiere dei tilleggskostnadene t.d. skulane har med ekstra norskopplæring innføringsklassar, tolketenester m.m.

Den største utgiftsposten, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Denne ordninga vert administrert av vaksenopplæringa. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører. Me finansierer helsetenester, tolketenester, tospråklege assistentar både i skule og barnehage og ikkje minst vert våre to innføringsklassar finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

Asylmidlar

Ved inngangen til 2016 var det 185 bebuarar ved asylmottaket. Med bakgrunn i redusert flyktningestraum sa UDI i mai opp 60 opsjonsplassar og 01. september vart det klart at Bømlo Mottak skulle leggjast ned frå 01.12.16. Dette medførte også at kommunen mista det statlege tilskotet som vertskommune. Tilskotet vart nytta til m.a. legekontroll, helsesøsterteneste og til tolketeneste. Med mange asylsøklarar som kom frå alvorlege krigsområder opplevde tenestene våre at hjelpebehova var store.

Utan asylmottak i kommunen vil integreringsarbeidet bli meir forutsigbart.

Bømlo kulturskule

Kulturskulen ivaretek eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.



Dansarar frå Bømlo kulturskule hadde innslag under Verdsdagen for psykisk helse saman med dansaren Adhil Khan i Kulturhuset. (Foto: Simon Knutsson Sortland).

I 2016 har Bømlo kulturskule starta arbeidet med implementering av ny rammeplan for kulturskulen i Norge; «Mangfald og fordjuping». Etter søknad har me, i lag med kommunane i Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS) kome med i eit rettleiingsprosjekt som skal støtte denne implementeringa.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i Moster Amfi med konsertar og kunstutstilling, teater- og danseframsyningar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonsertar i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinær.

Det var i snitt 530 elevplassar i kulturskulen i 2016, med nokre fleire i vårhalvåret enn om hausten. Det er framleis ventelister, spesielt for teater og dans. Lærarkreftene er relativt stabile og me står fast ved at det skal vere flest mogleg heile stillingar ved skulen.

Kultur, idrett og fritid

Bømlo kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv, så vel som ei spennande kulturhistorie. I 2016 vart kommunedelplan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vedteke.

Arbeidet med ein kommunedelplan for kulturminner er godt i gong og i 2016 har det vore jobba spesielt med registrering av freda og verna kulturminner. Dette arbeidet vil bli eit supplement til bygdabøkene me har frå før.

Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken er begge nasjonale ordningar der målet er at henhaldsvis grunnskuleelevar og eldre får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag.

Det har i 2016 vore gjennomført framsyningar/opplevingar i lokal regi, samt at skulane har fått tatt del i Hordaland fylkeskommune sine turneproduksjonar, som har vore spelt på skulane og/eller i Bømlo kulturhus. Om lag 1700 elevar har delteke på desse ulike arrangementa.

Bømlo kommune sitt hovudarrangement innanfor *den kulturelle spaserstokken*, «I manns minne», samla i overkant av 200 besøkjande i Bømlo kulturhus, der lokal historie stod i fokus dette året. I tillegg har det

vore arrangert fleire foredrag, kurs og samlingar knytt til lokalhistoriske tema rundt i heile kommunen. Ein har også hatt konsertar og framsyningar på institusjonane med ulike artistar.

Frå og med 2012 har kommunen gjennom ei eiga stønadsordning sikra at alle born under 12 år får fri tilgang til aktivitet i hall og denne ordninga vart vidareført i 2016.

Det blei utbetalt spelemidlar til anlegg i regi av ulike lag og organisasjonar for i overkant av 6,2 millionar kroner i 2016. Bømlo kommune har god anleggsdekning, og det er eit viktig førebyggjande arbeid som skjer i laga gjennom heile året. Moster idrettslag er godt igong med bygging av klubbhus, og opning blir hausten 2017.

Ungdomsklubben på Langevåg blei vidareført i 2016, og har gode besøkstal. Målgruppa her er ungdom mellom 13 – 18 år.

Kommunen har som mål og ha tett dialog med lag og organisasjonar både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøter og prosjektutvikling knytt til frivilligheit med høve for ekstern finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med.

Kommunen ynskjer å vera ein god tilretteleggar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til investeringar, samt gjennom ulike stønadsordningar til kultur- og idrettslivet.

Hans Olav Molde mottok Bømlo kommune sitt kulturstipend i 2016 medan Arne Kvarven blei tildelt Kenneth Sivertsen-prisen.

Bibliotek



Biblioteksjef Astrid Drevland ved utlånsautomaten på Bømlo filial.

(Foto: Simon Knutsson Sortland)

2016 var eit travelt og godt år for Bømlo folkebibliotek. Biblioteket hadde ei lita auke i utlånet, noko vi er sers nøgde med og vonar vil fortsetja i 2017. Utlånet av e-bøker har auka, men utgjør berre 1,6 % av det totale utlånet.

Når det gjeld besøk har biblioteket hatt ein liten nedgang på 6% samanlikna med i fjor. Besøkande på arrangement har derimot auka med 3%. Berre på lesestunder har me hatt besøk av 1280 ungar i 2016.

Vi har hatt mange ulike arrangement i fjoråret, historiekveldar med ulike tema (både på Langevåg og Espevær), bokbad med Bjørn Sortland, konsert og lesefest. På hausten 2016 byrja vi med fast leksehjelp og språkkafè kvar torsdag, dette i samarbeid med Bømlo Røde kors. Ein hadde også ein vellukka *sommarles*-kampanje i 2016 som me vil fortsetja med i 2017.

I desember 2016 var det nyopning av Bømlo filial/Hillestveit skulebibliotek. Bømlo filial har fått heilt nytt interiør og framstår som ein attraktiv møtestad for bygda sine innbyggjarar. Ved å kontakte biblioteket kan alle over 16 år, med nasjonalt lånekort no få tilgang til Bømlo filial mellom 07-22 kvar dag. På filialen er det utlånsautomat slik at ein kan levere /låne bøker om ein ynskjer det.

Gjennom biblioteket vart det også starta eit samarbeid med den nynorske barnebokfestivalen *Falturiltu* på Stord, og fleire arrangement vart lagt til Bømlo. Samarbeidet mellom Bømlo kulturhus og folkebiblioteket er vidareført og styrka.

Barne- og familietenesta

Denne tenesta omfattar tilbod til born og unge under 18 år. Skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT og tiltaksteam inkl. sosiale tenester er ein del av dette ansvarsområdet. I tillegg har tenesta ei eiga avlastningseining (bustad). Tenesta har plassutfordringar og det er sett i verk eit arbeid for å løyse behovet både på kort og lengre sikt. Det er stort press på alle desse tenestene, men ein har no stabil arbeidskraft.

Det 3-årige prøveprosjektet med ein SLT-koordinator vart avslutta i 2016 og stillinga er no lagt inn i drifta som ei fast stilling knytt til samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak. Til stillinga ligg også koordinatoransvaret for MOT-satsinga i kommunen. Hausten 2016 vart stillinga plassert organisatorisk i rådmannen sin stab.

Det er framleis trong for å utvide skulehelsetenesta sin kapasitet, sjølv om ein no nærmar seg eit ressursnivå på linje med nasjonale tilrådingar. For å møte utfordringar knytt til psykisk helse og mobbeproblematikk i grunnopplæringa er eit godt, robust og tverrfagleg samarbeid mellom skulehelsetenesta og grunnskulane avgjerande.

PPT-kontoret har stabil og god arbeidskraft. Sjølv om det framleis kan vere ventetid for å få utarbeidd sakkunnige vurderingar er det no god oversikt over utfordringane. Med eigne systemansvarlege i tenesta vert det satsa ekstra på førebygging og systemisk arbeid i lag med barnehagar og skular. Det vert framleis jobba målretta med nyrekruttering og vidareutvikling av utgreiingskompetanse i PPT.

Avlastningsbustaden gir tilbod til nærare 20 brukarar. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekeopphald. Denne eininga leverer også tenester til andre kommunar i Sunnhordland.

Samla hadde barne- og familietenesta inkl. sosiale tenester eit regnskapsteknisk underskot i 2016. Dette skuldast ubudsjettert aktivitetsauke knytt til asyl- og flyktningesituasjonen og budsjetterte intern inntekter ein av ulike årsakar ikkje la inn i rekneskapen.

Barnevern


Barnevernet vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Stord er vertskommune og ansvaret for drifta er såleis delegert frå kommunestyret i Bømlo til rådmannen i Stord kommune.

Eininga har, som førre år, eit stort meirforbruk i 2016 og det vert kontinuerleg arbeidd med å sikre betre og meir korrekt rapportering gjennom året. Meirforbruket er knytt til born utanfor heimen. Det er eit mindreforbruk når det gjeld hjelpetiltak i heimen. Tal meldingar til barnevernet i 2016 er 108, mot 121 i 2015. Ein arbeider kontinuerleg med å sikre at bekymringar vert fanga opp og meldt så tidleg som mogleg.

Samla er det 142 born som har fått hjelpetiltak frå barnevernet i 2016. Dei fleste born får hjelpetiltak i heimen, men det er også nokre born som får tiltak utanfor heimen – omsorgsovertaking. Dette gjeld 27 born i løpet av året. Det er framleis litt fleire gutar enn jenter som får tilbod frå barnevernet. Det er også nokre få born frå Bømlo som er plassert i institusjonar. Dette er svært kostbare tiltak og er noko av grunnen til det økonomiske meirforbruket.

Laurhammer bufellesskap er eit tiltak for einslege mindreårige flyktningar. Dette tiltaket vart i 2016 delvis finansiert av BUF-etat, med ein kommunal eigenandel på 20%. Sjølv om tilskotet til einslege mindreårige flyktningar har hatt ein vekst må kommunen no nytte litt av rammetilskotet for å finansiere dette tiltaket.

HELSE, SOSIAL OG OMSORG



Ordfører Odd Harald Hovland klypte snora under offisiell opning av Trivselshuset i august 2016. (Foto: Simon Knutsson Sortland)

Mål

- Bømlo kommune skal stimulera til og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, tek sunne val og på eigne premisser meistarar eige liv.
- Bømlo skal tilby innbyggjarar som har behov for hjelp og bistand, individuelt tilpassa og koordinerte tenester med høg kvalitet og brukarmedverknad.

Innleiing

Innbyggjarane som får tenester frå helse, sosial og omsorg er svært ulike både i alder, eigenressursar og behov. Det er eit mål at tenestene skal vera best mogleg tilpassa den enkelte sine behov og gjera dei i

stand til å vera mest mogleg sjølvhjulpne. Tenestene har òg høgt fokus på at brukarar skal oppleve at tenestene er samordna og at me praktiserer reell brukarmedverknad både på system- og individnivå.

Kommunestyret vedtok desember 2015 eit planprogram for kommunedelplan helse, sosial og omsorg. Arbeid med planen blei gjennomført i 2016. Ein valde ein relativt omfattande planprosess. Dette for å sikra breitt kunnskapsgrunnlag, størst mogleg felles oppfatning av utfordringsbilde og breitt eigarskap til løysingar. Det har vore særskilt fokus på involvering av brukarorganisasjonar, frivillige lag/organisasjonar og grendalag.

Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-27 blei vedtatt desember 2016. Planen har fire fokusområder:


1. Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
2. Tettare samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen som koordinator og tilretteleggjar.
3. Målretta utvikling av tenestetilbodet (bevisst prioritering og nytenking, meir fokus på førebygging og eigenmeistring, organisering og lokalisering).
4. Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.

Det er i tillegg utarbeidd handlingsplan for 2017.

Mål og måloppnåing

Helse-sosial-omsorg har dei siste åra gjennomført ei rekkje krevjande endringsprosessar. Medarbeidarar har ytt stor innsats, vore fleksible og utviklingsorienterte og evna å tilpassa seg endringar. I tillegg til dagleg drift og ein omfattande kommuneplanprosess har det i 2016 vore prioritert utviklingsarbeid med utgangspunkt i handlingsplan for 2016. Mellom anna:

- Samlokalisering i Bømlo helsehus: Bømlo heimetenester, Ergo-/fysioterapitenesta og Hjelpemiddellageret samt deler av legetenesta er flytta saman med institusjonstenestene.
- Samlokalisering av administrasjon/leing i Habiliteringstensta med dagtilbodet Aktivitetstunet.
- Utvikling av samhandlingarena mellom helse og omsorgstenestene og legetenestene.
- Vidareført prosjekt knytt til samhandling og samorganisering innanfor feltet rus og psykisk helse.
- Deltatt i utviklingsprosjekt knytt til lindrande behandling.
- Prioritert vidare utprøving av friskliv/LMS-tiltak (m.a. fallførebygging og lågterskel treningstilbod).
- Vidareutvikla dagtilbod til eldre og demente. Trivselshuset blei formelt opna august 2016.
- Vidareført ulike kvalitetsprosjekt, m.a. eit større kvalitetsprosjekt i Bømlo Heimeteneste.
- Vidareført utprøvingssprosjektet «Helseteam for eldre».
- Påbegynt utviklingsprosjekt knytt til kompetansemobilisering (bruk av kompetanse).
- Prioritert deltaking i to forbettringsnettverk i regi av KS.
- Delteke i prosjekt for utvikling av observasjonssenger og øyeblikkeleg hjelp-døgntilbod, samt utvikling av interkommunal legevakt .

Økonomisk resultat 2016:


Seksjon 3 har brukt 238,2 mill kr som fordeler seg på dei ulike tenestene som vist i figuren over.

Ansvar	Rekneskap 2016	Opphavleg budsj. 2016	Revidert budsjett 2016	Avvik	Rekneskap 2015
NAV	18 547	13 168	16 285	-2 262	11 486
PLEIE/OMSORG FELLESTEN.	6 752	9 748	10 353	3 601	7 261
RESSURSKREVJANDE TENESTER	-18 074	-20 000	-19 318	- 1 244	-19 585
TENESTEKONTORET*	5 986	6 310	6 399	413	5 829
HABILITERINGSTENESTA*	69 260	69 341	68 937	-323	68 559
BØMLO HEIMETENESTER*	39 764	43 871	41 042	1 279	42 706
TEIGLANDSHAGEN	14 519	15 271	15 501	983	14 677
SØRE BØMLO OMSORGSOMR	19 512	18 256	18 519	-994	19 359
BØMLO BU- OG HELSESENTER	51 684	54 306	53 177	1 492	53 226
PSYKISK HELSE	9 069	4 719	8 989	-79	4 357
HELSETENESTER	20 885	19 239	19 865	-1 020	17 370
SAMHANDLINGSREFORMEN	286	2 714	1 214	928	-617
HJELPEMIDDELLAGER	0	0	0	0	496
Helse, sosial og omsorg	238 192	237 037	240 966	2 774	225 124

*i 2016 vart Psykisk helse oppretta som eige ansvarsområde

Avviksforklaring økonomisk resultat 2016

Helse, sosial og omsorg har i 2016 har oppnådd eit positiv resultat på om lag 2, 8 mill. Resultatet er sett saman av fleire element, mellom anna:

- God styring der leiarar har vore tett på drifta og hatt eit høgt fokus på budsjett/resultat.
- Positivt avvik på fellestenester på 3,6 mill skuldast høgt fokus på å søkja eksterne midlar i tillegg til endringar i brukarsamansetjing som har gitt lågare utgifter enn budsjettert.
- Fleirtalet i Stortinget vedtok i desember 2016 i samband med statsbudsjettet 2017 at innslagspunktet for den kommunale eigendelen ved finansieringa av ressurskrevjande brukarar for 2016 skulle

aukast med kr 50 000 pr brukar utover prisjusteringa. Kommunen har 18 brukarar som kjem inn under ordninga, dette førte difor til redusert inntektsanslag for 2016 på kr 900 000 og utgjør hoveddelen av avviket på inntektssida for ressurskrevjande tenester. Totalavviket er på 1,2 mill kr.

- NAV har eit negativt avvik på 2,2 mill. Dette skuldast busetjing av fleire flykningar enn budsjettert. Kommunen har fått statlege midlar til å dekkja kostnader, men det er ikkje overført midlar til NAV som dekkjer faktiske kostnader for mottak av flyktningar.
- Kostnadar knytt til fråvær/sjukevikar har ført til negativt avvik for nokre verksemdar med døgndrift.
- Legetenesta har negativt avvik på 1,5 mill. Dette skuldast i hovudsak innleige av vikar grunna ubesatte stillingar.
- Kommunen har eit positivt avvik på statleg medfinansiering/samhandlingsreformen (ansvar 3600). Dette skuldast mellom anna at kommunen har gode resultat i høve til å ta imot ferdigbehandla pasientar.
- Bømlo kommune har i 2016 motteke auke i rammetilskot for oppretting av kommunale akutte døgnseger.



Stor involvering av brukarorganisasjonar, frivillige lag/organisasjonar og grendalag i arbeidet med Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2017-27. (Foto: Geir Einarsen)

Helse og omsorgstenester i heimen

Tenester/oppgåver

Helsetenester i heimen, personleg assistanse, hjelp og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsløn, tryggleiksalarm og matombringning.

Helse- og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlo heimetenester (som dekkjer områda Bremnes og Moster), Sørå Bømlo omsorgsområde og Habiliteringstenesta (som yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dagtilbod).

Målsetjinga er å yta gode individuelle tenester til brukarane utifrå dei ressursane ein har til rådvelde og sikra god kvalitet og koordinering av tenestene. For å få gode tenester er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er òg sentrale element. Vidare vil det vera viktig å stimulera til at brukarane på best mogleg måte meistarar eige liv.

Bømlo heimetenester og Sørå Bømlo omsorgsområde

Mange eldre brukarar og pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene. Dagtilbod for eldre vart organisert til Bømlo heimetenester i 2015. I 2016 flytta tilbodet inn i nye lokaler og fekk navnet «Trivselshuset». Bømlo heimetenester har i 2016 gjennomført eit relativt omfattande kvalitetsprosjekt i tillegg til at dei har planlagt innflytting i nye lokaler i Bømlo helsehus. Tenestene har òg deltatt i fleire andre utviklingsprosjekt.

Avviksforklaring økonomi

Bømlo heimetenester

Verkemda har positivt avvik. Dette skuldast aktiv styring og iverksetjing av tiltak. Det er halde ledig stilling og ein har vore restriktiv med innleige ved fråvær, samt gjennomført tiltak i ferieperioden.

Sørå Bømlo omsorgsområde

Verksemda har eit negativt avvik på kr 994 102 som i all hovudsak skuldast vikarinnleige grunna sjukemeldingar og ubesatte stillingar.

Habiliteringstenesta

Ved utgongen av 2016 fekk 37 personar tenester knytt til heimen frå habiliteringstenesta, 27 personar fekk dagtilbod på Aktivitetstunet, 3 fekk seniortilbod på Raunevarden, 6 personar fekk sitt dagtilbod i heimen og 5 personar hadde heilt eller delvis jobb gjennom NAV (vta/vto). Tenesta har sett i verk tiltak for å styrka kompetansen og har hatt aktivt samarbeid med NFU pårørande og verjer.

Avviksforklaring økonomi

Habiliteringstenesta har eit negativt avvik på om lag 300 000. Dette skuldast ekstrakostnader utover budsjett ved sjukefråvær, sjukehusopphald, legebesøk, sjukdom, og stengt dagtilbod er samla sett ein hovedgrunn for minusresultatet.

Tenestekontoret

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i kommunen. Kontoret har òg koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. I tillegg er kreftkoordinator og demenskoordinator tilsett i tenesta. Medarbeidarar har møte med brukarar og pårørande i komplekse saker der ein skal drøfte seg fram til mål og tiltak tilpassa den einskilde.

Avviksforklaring økonomi

Tenestekontoret har eit positivt avvik på om lag 400 000. Utgifter til støttekontakt og omsorgsløn er dei usikre postane ved kontoret. For 2016 var desse postane samla sett i balanse.

Institusjon-/dagtilbod:

Langtids-/korttids institusjonsplass omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til generell geriatri, demens, psykiatri, og til pleie i terminal livsfase. Totalt er det 101 institusjonsplassar i Bømlo kommune.

Bømlo bu og helsesenter:

- 59 langtidsplassar, herav 2 plassar for rullering
- 14 plassar for korttid/rehabilitering
- 16 plassar ved Teiglandshagen for personar med demens, herav to plassar for korttid
- Sum 89 institusjonsplassar

Bømlo omsorgstun:

- 10 langtidsplassar
- 2 korttidsplassar.
- Dagtilbod 1 dag i veka.
- Bømlo omsorgstun tok i bruk nye lokaler/institusjonsplassar i 2015 utan at tal institusjonsplassar vart auka.

Bømlo bu- og helsesenter:

Institusjonen har mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige. Ein opplever at arbeidsmengd og krav til kompetanse har auka knytt til at brukarar med meir omfattande hjelpebehov vert innlagt på institusjonen. Dette m.a. gjennom tidlegare utskriving frå sjukehus.

Avviksforklaring økonomi**Bømlo omsorgstun:**

Sjå kommentarar under heimetenester.

Bømlo bu og helsesenter og Teilandshagen bufellesskap:

Verksemda har eit positivt resultat. Dette skuldast aktiv styring og iverksetjing av tiltak for reduksjon av kostnader gjennom fleksibel bruk av ressursar og redusert innleige av vikarar. Inntekter frå brukarar har vore høgare enn budsjettert, m.a. p.g.a. auka og anna bruk av korttidsplass.

Phatthana Tanthong Totland (t.v) og Reya Pitiwana på kjøkkenet ved Moster servicesenter. (Foto: Simon K. Sortland)

Psykisk helse**Psykiatrisk heimesjukepleie:**

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem, tverrfagleg samarbeid, rettleiing av kollegaer, studentar og samarbeidspartnarar. Dagtilbodet Nyving er ein møteplass som tilbyr meningsfulle aktivitetar og eit sosialt fellesskap. Eininga har vore aktive i høve kompetansetiltak og samhandling med andre tenester samt vurdering av endra organisering. I 2016 er miljøtenesta lagt til verksemda. Det blir òg jobba med å samhandling/samorganisering mot rustenesta.

Avviksforklaring økonomi

Negativt avvik på omlag 80 000 skuldast meirutgifter i samband med omorganisering og må sjåast i samanheng med positivt avvik på fellesområdet.

Helsetenesta

Ergo/ fysioterapitenesta

inkl. Hjelpemiddellager

Verksemda yt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, BBR, heim og poliklinisk. Tilsette samarbeider tverrfagleg intra-/interkommunalt og med spesialisthelsetenesta.

Målsetjinga med ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemottakar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnader. Aktuelle tiltak er trening i finmotoriske dugleikar eller kognitive vanskar, tilretteleggja dei fysiske omgjevnadane, søkje om tekniske hjelpemidlar eller finne nye måtar å utføra sine daglege oppgåver på.

Fysioterapitenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogleg for å betre/oppretthalde brukars funksjon og førebyggja forverring. Prioritering ut frå behov og alvorsgrad. Tenesta gir fysioterapibehandling, opplæring og samarbeid med ulike instansar.

Avviksforklaring økonomi

Positivt avvik på omlag 500 000 kr. er m.a. knytt til ledige stillingar der det ikkje har vore tatt inn vikar.

Legetenesta

Bømlo kommune har 12 fastlegar og 1 turnuslege fordelt på 4 legekontor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Det har i 2016 vore vakansar i legetenesta som har vore krevjande å rekruttere til. Særleg gjeld dette Søre Bømlo. Vikardekning har vore naudsynt. Hausten 2016 blei det tilsett i ledig heimel på Søre Bømlo.

Avviksforklaring økonomi

Negativt avvik på om lag 1,5 mill skuldast innleige av vikar grunna ubesatte stillingar.


NAV

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i NAV – i tillegg til Lov om kommunale helse og omsorgstenester (rus, hjelpetiltak osv). Hovudvekt ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl gjeldsrådgjeving) og særskilte tiltak for rusmiddelavhengige. Arbeids og aktivitetstilbodet Basen og flykningetenesta ligg òg til NAV. Eininga har hatt god effekt av prosjekt Jobbsjansen og Ressurskoordinator barnefattigdom.

Avviksforklaring økonomi

- NAV har eit negativt avvik på 2,2 mill. Dette skuldast busetjing av fleire flykningar enn budsjettert. Kommunen sine meirinntekter på mottak av flykningar er omtalt lengre framme i årsmeldinga og utgjorde 3 mill kr.

TEKNISK AVDELING



Innleiing

Teknisk avdeling har ansvar for planlegging av investeringsprosjekt, vedlikehold av bygningar og kommunale vegar, handsaming av saker etter plan- og bygningslova i høve reguleringsplanar, kommuneplan, anna arealdisponering, frådeling og byggjesaker, landbruk- og miljøraker samt forvaltning av eigedomsskatt.

Økonomisk resultat 2016

Økonomisk resultat	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Arealbruk (totalt) inkl.kommuneplan	2 807 375	227 683	-2 579 592	-1133,0 %
Landbruk/miljø	1 475 842	1 759 025	283 183	16,1 %
Eigedomsskatt	320 583	1 252 066	931 483	74,4 %
Teknisk drift (totalt) inkl.	31 758 074	30 678 823	-1 079 251	-3,5 %
4* Teknisk Avdeling	36 361 874	33 917 597	-2 444 177	-7,21 %

Ansvarsområda under teknisk avdeling

Arealbruk/Landbruks- og miljøavdeling/Teknisk drift

Tenester/oppgåver

Sakshandsaming av:

- Kommuneplan, reguleringsplanar, planprogram og konsekvensanalyser
- Jordlovshandsaming, konsesjonssøknader, oppdrettssaker og miljøraker
- Søknad til Innovasjon Norge og tilskot til spesielle miljøtiltak SMIL
- Søknad om produksjonstilskot, avlørartilskot og avlørasing ved sjukdom samt administrasjon av veterinærvakta.
- Forvaltning av friluftsområda i samarbeid med Friluftsrådet Vest
- Saksbehandling vilt og miljøraker
- Byggesaker (inkludert tilsyn og kontroll), delingssaker, utslepp, eigarseksjonering

- Kart- og oppmålingssaker
- Gjennomføring av møter og kundebehandling
- Oppdatering av eigedomsbasen DEK og føring i Matrikkelen
- Egedomsrett
- Drift og vedlikehold av kommunale bygg, vegar og grøntanlegg
- Styring av energiforbruk og enøk tiltak
- Oppfølging av reinhaldskontrakt
- Planlegging og gjennomføring av vedlikehold- og nybyggingsprosjekt
- Tildeling av vegnamn, adressering og montering av skilt
- Kvalitetssystem
- Infoland
- Kundetorg og internettsider teknisk avdeling

Mål og måloppnåing:

Aktivitet	2014	2015	2016
Vedtekne reguleringsplanar	6	7	12
Byggjesaker (søknad utan ansvarsrett)	221	160	147
Byggjesaker (søknad med ansvarsrett)	264	270	258
Tilsyn i omsøkt/ikkje omsøkt byggjesaker	22	17	8
Pålegg i byggjesaker	15	15	2
Delingsvedtak	126	139	97
Matrikkelbrev	250	338	242
Frådelingssaker etter jordlov	18	11	21
Konsesjonsaker	5	11	10
Søknad om produksjonstilskot i landbruket	90	100	95
Søknad om SMIL-midlar	18	12	12

Avviksforklaring:**Arealbruk/Eigedomsskatt:**

Arealbruk har eit negativt avvik på 1 129 257 kr. Avviket skuldast sviktande inntekter i tenesteområda plansak og byggjesak/deling. Dekningsgrad for sjølvkostområda i 2016 er for teneste 3010 plansak 45%, teneste 3020 byggjesak og deling 78%, teneste 3030 oppmåling 85 % (gjeld for år 2016, men tidlegare års underskot gjer at tenesteområdet framleis går med underskot).

Avgiftsnivået skal sjåast over ein 3- 5 års periode. Utført sjølvkostrekneskap for 2016 syner at vi ligg innanfor desse rammene men inntektsgrunnlagt på plansak og byggjesak/deling har vore noko mindre i 2016. Dette skuldast utført noko mindre saker enn tidlegare år og at byggesaker som er unnateke søknadsplikt er friteke for gebyr. I budsjettet for 2016 er det lagt opp til gebyrauke for alle desse tenesteområda.

Landbruk/miljø:

Landbruks- og miljøavdelinga har eit positivt avvik på 283 183. Dette skuldast mellom anna høgare gebyrinntekter på jordlov og konsesjonslov. Inntekter på hogst av skog ved Meling skule som ikkje var budsjetttert og lågare kostnader i viltforvaltninga.

Teknisk drift:

Teknisk drift har eit negativt avvik på kr. 1 079 251.

Reinhald

Reinhald vert kjøpt av Elite Service Partner AS. Reinhald på institusjonar inngår ikkje i denne kontrakten. Prisstigning og en del ekstra vask/utvask etter oppussing i diverse kommunale bygg har medført noko meir forbruk på kr.0,39 mill. i 2016.

Forsikring

Alle forsikringar var ute på anbod i regi av Waco forsikringsmekling for 2016. Kommunen betalte 1,147 mill kr i forsikring av bygg mm i 2016 som budsjettert.

Energi

	Bømlo 2014	Bømlo 2015	Bømlo 2016	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 11
Kommunale energikostnader, per innbyggjar	641	655	735	759	856	1 043

Tabellen over syner energikostnaden pr innbyggjar i kommunen, og utviklinga i denne dei siste 3 åra. Kommunen har framleis eit energiforbruk som er lågare enn gjennomsnittet og nabokommunen. Auknen frå 2015 til 2016 heng saman med høgare forbruk 2,1% auke, samt høgare straumpisar i 2016 enn 2015. Kommunen fekk grunna dette eit meirforbruk på 0,4 mill kr.

Bygningsvedlikehald

Bygningsvedlikehald fungerer godt og effektivt i ein generasjonsskifte periode. Kommunen driftar no om lag 53263m2 bygningsmasse. Det er utarbeidd ein overordna drifts- og vedlikehaldsstrategi for kommunale bygg. Målet for avdelinga er fortsatt forebygging.

Avdelinga er serviceinnstilt og har eit godt arbeidsmiljø og gode samarbeidsrutinar. Utført mykje godt vedlikehald på alle kommunale bygg og institusjonar, slik at brukarane har komfortable arbeidsplasser og godt arbeidsmiljø. Eldre bygg og anlegg treng utskiftning og ein del skular har ikkje tilstrekkeleg ventilasjonsanlegg. Utfordringa er å gjennomføra naudsynt vedlikehald med dei midlane som vert stilt til rådvelde.

Avtale med BKE om leige av driftspersonell vert oppretthalden men i mindre omfang enn før.

Grønt og samferdsel

Område grønt og samferdsel fungerer godt og effektivt. Kommunen får utført mykje godt arbeid både med rutineoppgåver og prosjekter. Avdelinga fungerer godt i samarbeid. Dette inneber ei effektiv og rasjonell drift samt eit godt arbeidsmiljø.

Vedlikehaldet som blir utført langs vegnettet er mange og store. Kommunen vil på sikt få meir vegareal til vedlikehald som følgje av at fylkesvegar vert erstatta av nye vegar i «Bømlopakken», samt overtaking av vegar i private bustadfelt.

Dette medfører at avdelingen bør ha meir ressurser og midler til vedlikehald av vegnettet. Auka nedbør gjev nye utfordringar i høve problem med overvatn og vatn frå takrenner som kjem frå dei kommunale bygga.

Prosjekt

Investeringsprosjekt vert finansiert over investeringsbudsjettet. Store prosjekt i arbeid i 2016 har vore utbygging av nye Bremnes ungdomskule, ombygging Bømlo Helsehus og utdjupeing av hamnebaseng ved Lyrholmen ved Rubbestadneset.

Brannvern/feiling



Konstituert brannsjef Ove Halleraker orienterer Scandinavian Star-kommisjonen om ferjebrannen i Rubbestadneset 29. oktober 2016. (Foto: Simon K. Sortland)

Tenester/oppgåver

Verksemda er delt inn i 2 hovudavdelingar:

Beredskap

Denne avdelinga er innsatsstyrke ved brann og andre akutte ulukker.

Førebyggjande

Oppgåva til denne avdelinga er brannførebyggjande arbeid slik som tilsyn i særskilde brannobjekt, motivasjons- og informasjonstiltak og feiling og tilsyn med fyringsanlegg.

Økonomisk resultat

Ansvar	Rekneskap 2016	Opphavleg budsj. 2016	Revidert budsjett 2016	Avvik
BRANNVERN	9 317 996	8 729 936	8 859 391	-458 604
FEILING	22 090	0	1 196	-20 894

Avviksforklaring

Fleire utrykningar og nokre omfattande hendingar (fergebrannen i Rubbestadneset) førte til meirforbruk.

Beredskapshendingar 2016	Tal
Tilløp til brann i bygning	13
Trafikkulukker	5
Helseoppdrag	24
Naturhendingar	8
Unødige utrykningar	33
Andre oppdrag	23
Totalt	104

Mål og måloppnåing

Beredskapsavdelinga:

Tala for helseoppdrag, naturhendingar samt andre oppdrag viser tydeleg at brannvernet sine oppdrag er endra til i stor grad å handla om redning like mykje som brann. Dei hendingane som var mest ressurskrevjande var likevel brannar.

Blant fleire bygningsbrannar kan ein trekkje fram brann i Bømlo sjukeheim / BBH som særst alvorleg. Fergebrannen i Rubbestadneset var ei spesiell hending som utfordra både brannvernet og kriseleinga i kommunen. Her vart det kalla inn ressursar frå totalt 7 brannvesen/kommunar og for å illustrere arbeidsmengda kan ei trekkje fram at det under aksjonen var gjennomført over 300 røykdykk. Det vart i tillegg gjennomført evakuering i samband med brannen, noko som det og vart gjort ved ei anna hending om då i mindre omfang.

Brannberedskapen er i endring på fleire områder. Nytt naudnett set nye krav til brannvernet. Det er stort fokus på auka krav til kompetanse og utdanning, og fokus på HMS er større enn nokon gong tidlegare. 3 nye brannkonstablar vart tilsette i 2016 og det var og 3 stk som gjennomførte grunnutdanning. Eit av overbefala gjennomførte leiarutdanning og konstablar tok sertifikat og kompetansebevis for utrykkingskøyning.

Førebyggjande:

Ny førebyggjande forskrift trådte i kraft 1. januar og dette set nye krav til førebyggjande avdeling i brannvernet. Arbeidet skal rettast meir direkte mot risikoutsette grupper, og brannvernet må gjennomføre risikovurdering og prioritere arbeidet etter resultatet av denne.

I 2016 var førebyggjande avdeling i brannvernet ein periode utan leiar. Det har derfor vore gjennomført mindre tilsyn dette året enn ønska. Brannvernet har delteke ved ulike sentralt styrte førebyggjande kampanjar som «Brannvernveka» og «Aksjon boligbrann». Det er gjennomført undervising for heile 6. klassetrinnet i grunnskulen, og det har og vore gjennomført ein del opplæring og øvingar for både private og kommunale verksemdar.

Det store brannløftet:

I 2016 valte Gjensidigestiftelsen å gi det norske samfunn ei gåve på 350 millionar kroner gjennom oppgradering og kompetanseheving av kommunale brannvesen. Brannvernet i Bømlo kommune fekk moglegheit til å søkje om å bli mottakar av deler av denne støtta.

Ein nådde ikkje opp i konkurransen om å få køyretøy, men fekk gjennomslag for tildeling av to store utstyrs-pakkar. Den eine pakken inneheld komplett utstyr for overflateredning og den andre inneheld full røykdykkarbekledning for eit lag (3 personar) til kvar av brannstasjonane. Desse pakkane vert leverte i 2017.

Vidare vart det søkt om midlar til to førebyggjande prosjekt, og begge desse vart imøtekomne. Det er eit prosjekt som rettar seg mot førskulegruppene i alle barnehagane, og det andre er førebyggjande arbeid retta mot særskilde risikoutsette grupper i samarbeid med andre kommunale etatar. Begge desse prosjekta vert starta opp i 2017, og gåvene vil såleis betre branntryggleiken for innbyggjarane i Bømlo kommune i åra frametter.

Feiing:

Ny førebyggjande forskrift har også satt sitt preg på arbeidet i feiartenesta. Det har vore fokusert på risiko-kartlegging, og det har vore fokus på nye arbeidsmetodar for å betre arbeidsmiljøet til feiarane.

Det vart i 2016 også ved skifte av køyretøy satsa på arbeidsmiljøet ved at bilen vart spesialinnreia for å lage tydelege og praktiske skilje mellom rein og skitten sone samt moglegheiter for reingjering i løpet av arbeidsdagen. Feiartenesta deltek saman med førebyggjande avdeling i brannvernkampanjar og ulike opplæringstiltak.

HMS:

Brannvernet har stort fokus på rutinar og vask av arbeidstøy for å redusere kreftfaren hjå brannkonstablane. Det er og kjøpt noko nytt tøy for å kunne ha skift av forureina utrykkingstøy, samt skifta ut ein del hjelmar som eit ledd i HMS – arbeidet.


KYRKJELEGE FØREMÅL

Under denne seksjonen ligg tilskot til Kyrkjeleg fellesråd og kommunalt tilskot til andre trudoms- og livssynssamfunn. Syner elles til Bømlo Kyrkjeleg fellesråd si årsmelding.

Økonomisk resultat

	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Total ressursbruk	8 277 634	8 286 571	8 937	0,1

Ressursene er fordelt slik på dei ulike tenestane innan ansvarsområdet.



KOSTRATAL

	Bømlo 2014	Bømlo 2015	Bømlo 2016	Stord 2016	Landet uten Oslo	Kostragruppe 11
Prioritet						
Netto driftsutgifter tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger i kroner	39	37	43	29	57	36
Netto driftsutgifter til kyrkjeleg administrasjon og gravplassar pr. innbygger i kroner	624	640	659	465	599	672
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,2 %	1,2 %	1,2 %	1,0 %	1,2 %	1,2 %
Dekningsgrad						
Medlem og tilhøriget i Dnk i prosent av antall innbyggere	81,9 %	81,2 %	80,6 %	78,9 %	74,4 %	80,7 %
Kvalitet						
Konfirmerte i prosent av 15-åringer	76,3 %	77,2 %	79,6 %	68,1 %	62,9 %	74,3 %

Andelen av kommunen sine innbyggjarar som er medlem av den norske kyrkja har gått ned dei siste åra. Andelen av ungdom som konfirmerer seg varierer noko men er framleis høgare enn for andre samanlikningskommunar og landsgjennomsnittet.